



KOMMUNEPLANENS  
HANDLINGSDEL  
**ØKONOMIPLAN 2025 – 2028  
OG ÅRSBUDSJETT 2025**



Skjåk kommune

# INNHOLD

Kommunedirektøren si vurdering.....	1
Status 2024 og grunnlaget for 2025 .....	7
Risiko knytt til budsjettet.....	9
Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2025 .....	9
Løn og pensjon .....	9
Rentenivå .....	9
Tilbakeføring av pensjonsmidler frå KLP .....	10
Kraftinntekter.....	10
Overordna vurdering.....	11
Økonomi.....	12
Budsjettprosessen.....	12
Overordna mål og handlingsreglar.....	12
Rammebetingelsar.....	17
Hovudoversikt drift .....	17
Rammer til ansvarsområda .....	19
Løn og pensjon .....	20
Kraftinntekter.....	21
Investeringar .....	22
Balansepostar.....	24
Framtidsutsikter økonomi.....	25
Medarbeidarar .....	26
Presentasjon av hovudområde .....	29
Overordna organisasjonskart .....	29
Tenesteområde Oppvekst og utdanning.....	30
Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling .....	36
Tenesteområde Helse og omsorg .....	53

## KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING

Kommunedirektøren legg med dette fram forslag til kommuneplanens handlingsdel med budsjett for 2025 og økonomiplan fram til og med 2028. Det er utarbeidd budsjettbok med aktuelle hovudoversikter.

Det er eit omfattande arbeid som ligg bak utarbeiding av kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan. Arbeidet starta med dialogkonferansen til kommunestyret 12. og 13. juni 2024. Deretter har dei kommunale- og interkommunale einingane kome med sine vurderingar og innspel. Det heile er avstemt med dei økonomiske rammevilkåra som blei kjent ved framlegging av regjeringa Støre sitt forslag til statsbudsjett for 2025 den 7. oktober 2024.

Føremålet med kommunen sin handlings- og økonomiplan er å gjere dei overordna måla i kommuneplanen om til handling. Kommunen sin handlings- og økonomiplan skal vise korleis langsiktige mål, moglegheiter og utfordringar i kommunen skal følgjast opp, og kva strategiar, prioriteringar og bevillingar som ligg til grunn i arbeidet for å nå måla.

Det ligg som ein føresetnad i økonomiplanen at det langsiktige økonomiske handlingsrommet må bli ivaretatt over tid. Med dette ligg det også eit krav om at finansielle midlar og gjeld blir forvalta utan vesentleg finansiell risiko. Med andre ord kan ein seie at langsiktig planhorisont, berekraftig utvikling og gode risikovurderingar er dei viktigaste elementa i ein økonomiplan.

Kommunestyret i Skjåk sett måla og rammene for kommunen sin handlings- og økonomiplan gjennom å vedta dei overordna planane og finansielle mål for kommunen. For å kunne føre ein langsiktig og ansvarleg økonomisk politikk er det nødvendig å sette tæring etter næring, altså å tilpasse pengebruken til dei økonomiske rammene og utsikter for framtida. Å gjere kraftige endringar i kommunen sin fart og kurs er ikkje heldig, verken for kommunen som organisasjon eller for våre innbyggjarar. Det er derfor viktig å sjå etter teikn i tida som gjer det nødvendig å gjere kursjusteringar undervegs, og med dette halde fram med ei berekraftig økonomisk utvikling. Og det er her Skjåk kommune er no.

I 2024 har vi hatt eit år med:

- høge prisar på varer og tenester som har verknad på våre driftsutgifter og på tariffoppgrjering
- framleis høg rente som har verknad på våre finanskostnadar
- lågare kraftinntekter enn i 2023
- meirforbruk i tenestene
- ekstra bevilgningar gjennom året

Dette medfører at ein kan forvente eit negativt resultat i 2024. Vi kan forvente at skatt- og kraftinntekter i økonomiplanperioden vil bli mindre enn dei har vore. Desse forholda tilseier at det må gjerast grep for å få økonomien inn på ein meir berekraftig kurs. Det er behov for omstilling.

## **"Vi må frå særstilling til omstilling"**

Målet med ei slik omstilling er å kunne halde fram med eit høgt nivå på alle tenester innan kommunen sine kjerneverksemder. Samtidig skal vi jobbe for å nå dei vedtekne økonomiske og finansielle måla innan 2028. Ein konsekvens av dette er at vi må jobbe for å drifta kommunen meir kostnadseffektivt. Det må også gjerast innsparingar på områder som ikkje er definert som kjerneverksemd og lovpålagte tenester. Gjennom første halvår av 2025 legg kommunedirektøren opp til, saman med leiargruppa, tenesteleiarar og tillitsvalde å starte planlegging av ei slik omstilling. Kommunedirektøren vil halde politikken orientert om dette omstillingsarbeidet.

Samtidig som vi må omstille, tenke nytt om ressursbruk og jobbe endå meir kostnadseffektivt, skal vi halde fram med fleire viktige satsingsområde. Satsingsområder som er lagt inn i budsjettforslaget har som overordna mål å skape gode liv i Skjåk for våre innbyggjarar. Oppvekstreformen og «laget rundt barnet», "Sats på Skjåk" med bulyst, bustad- og næringsutvikling, rekruttering og behalde den kompetansen og arbeidskrafta vi treng framover, vil saman med den økonomiske tilpassinga være sentrale satsingsområde for 2025.

## Statsbudsjettet 2025 og kommuneøkonomien

Den 7. oktober 2024 la regjeringa Støre fram sitt forslag til statsbudsjettet og nasjonalbudsjettet for 2025.

KS' styreleiar Gunn Marit Helgesen uttaler følgjande om budsjettforslaget;

*– Forslaget til statsbudsjett løser ikke den alvorlige krisen i kommuneøkonomien. Kommuner og fylkeskommuners frie inntekter må økes mer enn dette for å gi innbyggerne viktige tjenester.*

*– Den økonomiske situasjonen i kommunesektoren er svært alvorlig. KS' undersøkelser viser at det ligger an til et negativt netto driftsresultat på 15 milliarder kroner i år (2024). 10 av milliardene er merforbruk i tjenester, og den underdekningen vil i stor grad videreføres til neste år dersom kommunene og fylkeskommunene ikke kutter i tjenestene.*

*En historisk gjennomgang fra KS' kommuneøkonomer viser at vi må tilbake til 1987 for å se et år som er like krevende som 2024.*

*– Omfanget på flere tjenester har økt kraftig, uten at kommunenes inntekter har holdt tritt med kostnadene, sier Helgesen.*

Kjelde KS.no


Nokre aktuelle satsingar i budsjettforslaget for 2025 som er relevant for kommunen er lista opp nedanfor:

- Redusere meirverdiavgift på vatn- og avløpsgebyret frå 25 % til 15 % frå 01.05.2025.
- Makspris i barnehage på 1 500 kroner per månad.
- 12 timars gratis SFO for elever på 1.-3. trinn vidareførast. Det same gjelder den inntektsavhengige moderasjonsordninga på 1.-4. trinn.

## Innbyggarsamansetting i kommunen


Tabellen syner at den yrkesaktive delen av befolkninga går betydeleg ned samtidig som talet på eldre aukar i åra framover (Data frå SSB).

Kommunen har i fleire år opplevd nedgang i folketalet. Dette skuldast både negativt fødselsoverskot og utflytting. Det mest bekymringsfulle er framskrivinga av befolkningssamansetjing. Denne framskrivinga syner betydeleg nedgang av tal på innbyggjarar i arbeidsaktiv alder (16-66 år) samstundes som talet på innbyggjarar over 80 år aukar vesentleg. Dette er alvorleg for kommunen om vi tenkjer å oppretthalde tenestetilbodet og at bedriftene har tilstrekkeleg tilgang på arbeidstakrarar.



Det er viktig at politikken og administrasjonen arbeider målretta for å utvikle Skjåk til å bli ein meir attraktiv kommune å busette seg i. Den demografiske utviklinga er ei utfordring også for kommuneøkonomien i Skjåk kommune. Politikken må i si planlegging og i sine strategiske val legge dei forventa endringane i demografien til grunn. Gjennom omstilling og strukturelle endringar må kommunen tilpasse tenestene. Denne utviklinga vil få bemanningsmessige konsekvensar.

Figuren under syner dei endra utgiftsbehova fram mot 2032.



Kommunen sitt samla utgiftsbehov vil ikkje endre seg stort fram mot 2032. Prognosane tilseier at kommunedirektøren i større grad må dreie ressursbruken frå grunnskule og barnehage til pleie og omsorg. Grafen syner at det fort bli eit gap mellom utgiftsbehovet mellom pleie og omsorg, og grunnskule og barnehage. Auka i pleie og omsorg går opp frå 2022 til 2032 med ca.20 prosent, grunnskule reduserast med 15 prosent, og barnehage 23 prosent. Dette vil få store konsekvensar for tenestene med krav til omstilling og strukturelle grep.

## KOSTRA

Ordet KOSTRA står for kommune stat rapportering, og er ei årleg innrapportering kommunane gjer til staten via SSB. Sjå internettlink: <http://www.ssb.no/kostra>. Målet med KOSTRA er å kople saman tenesteproduksjonsdata, type teneste, tal produserte einingar, personalinnsats - årsverk/timar, brukarar osv. med økonomidata (utgift og inntekt pr. teneste). Dette vil gje informasjon om prioritering, produktivitet og dekningsgrad i høve til kommunen sine ulike brukargrupper. Gjennom denne rapporteringa vert det produsert nøkkeltal i tre nivå. Nøkkeltala er relevante for kommunen sin eigen styring. Her kan ein samanlikne kommunen si utvikling år etter år, eller samanlikne kommunen med andre kommunar.

Skjåk kommune er i kommunegruppe 5. Dette er ei gruppe med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels korrigerte inntekter.

Kommunebarometeret ([www.kommunebarometeret.no](http://www.kommunebarometeret.no)) gir eit bilete av korleis kvaliteten på tenestene er i Skjåk samanlikna med andre kommunar. Undersøkinga er å oppfatte som ei objektiv vurdering av tenestekvalitet – i motsetnad til brukarundersøkingane som er ei subjektiv vurdering av kvaliteten. Kommunane er rangert etter 151 nøkkeltal, på tvers av 12 ulike sektorar. Skjåk kommune hamner på 184.

plass på landsbasis (av 356 totalt), og på 34. plass i Innlandet (av 46 totalt). Tabellen under viser plassering innanfor ulike sektorar frå år til år.


Kategori (plassering på landsbasis)	Rangering 2021	Rangering 2022	Rangering 2023	Rangering 2024	Endring i rangering 2023 - 2024
Grunnskule	107	173	208	223	-15
Pleie og omsorg	291	33	39	41	-2
Barnevern	296	324	336	339	-3
Barnehage	198	237	247	67	180
Helse	186	209	189	243	-54
Sosialteneste	243	79	317	322	-5
Kultur	80	34	21	4	17
Klima og natur (tidl. miljø og ressursar )	265	298	100	76	24
Sakshandsaming	42	43	66	23	43
Vatn og avløp	203	324	84	30	54
Økonomi	19	46	10	32	-22
Kostnadsnivå	219	212	259	288	-29
<b>Total landsbasis</b>	<b>226</b>	<b>203</b>	<b>231</b>	<b>184</b>	<b>47</b>
<b>Total Innlandet</b>	<b>34</b>	<b>34</b>	<b>34</b>	<b>34</b>	<b>0</b>

## STATUS 2024 OG GRUNNLAGET FOR 2025

### Innbyggartal


Grafane under syner historiske tal på innbyggjarar i Skjåk kommune 2014 – 2024, og framskrive tal på innbyggjarar frå 2025 – 2034.

Kjelde: SSB 01.01. aktuelt år




## Netto driftsresultat

KOSTRA-oversikta syner netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter for Skjåk, Innlandet, Kommunegruppe 5 og landet i 2023. Oppstillinga er ikkje korrigert for premieavvik.



## Lønsutgifter

Fordeling av budsjetterte lønsutgifter i prosent per område i 2025:



Budsjetterte lønsutgifter, ekskludert sosiale kostnadar, er 171,409 millionar kroner i 2025 på artene 1010 - 1089. Regionale kostnadar og refusjon til Lom kjem ikkje under løn. Skjåk driftar også samarbeid med nabokommunen, som genererer lønskostnadar.

## RISIKO KNYTT TIL BUDSJETTET

### Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2025

Den 7. oktober 2024 la regjeringa fram forslag til statsbudsjett 2025. Skjåk kommune fekk ei auke på 5,2 % i frie inntekter sett i høve til 2024, som tilsvarar ei auke på 9,241 millionar kroner. Landsgjennomsnittleg auke i frie inntekter er 5,8 %, mens gjennomsnittleg auke for Innlandet fylke er 5,1 %.

Den 01.11 kom regjeringa med eit forslag om å auke løyvingane på grunn av den krevjande økonomiske situasjonen til kommunane. Forslaget er på totalt 5 milliardar kroner, og for Skjåk sin del utgjer dette om lag 1,6 millionar kroner i ekstra i årlege overføringer i 2024 og 2025.

Det er spesifisert fordeling knytt til satsing på helsestasjon og skulehelseteneste med 348.000 kroner. Kommunen har ikkje fått ordinært skjønnstilskot. Distriktstilskotet utgjer isolert sett 6,794 millionar kroner av rammetilskotet.

Overføringerne frå staten og skatteinntektene er kommunen sine største inntektspostar og dei blir mest påverka av endringar i folketal, fordeling på aldersgrupper og utgiftsbehov elles.

### Løn og pensjon

Løn er den største utgiftsposten til kommunen. I 2024 var sentralt lønsoppgjer på 5,2 %, som er høgare enn budsjettert. Det har og vore lokale forhandlingar i kommunen. Områda har lagt til grunn ei lønsauke på 4,6 % når dei har budsjettert for 2025.

Frå 2025 vil tilsette i offentleg sektor for er født i 1963 eller seinare få nye reglar for AFP, mens dei som er født før 1963 har den gamle ordninga. I ei overgangsperiode på fem år vil begge ordningane gjelde parallelt, noko som fører til auka reguleringspremie for kommunane. Høg reguleringspremie og variasjonar inneber utfordringar med omsyn til budsjettbalanse. Variasjonar i reguleringspremie medfører over tid risiko for avvik.

I statsbudsjettet for 2025 varsler regjeringa at nye og oppdaterte anslag på meirkostnader til pensjon, inkludert kostnadane av ny AFP, leggast fram i Revidert nasjonalbudsjett for 2025 (RNB25). Regjeringa har uttalt at dei legg opp til å dekke auka i pensjonskostnadane i 2025, samtidig som dei vil foreta ei samla vurdering av kommunesektorens økonomi.

Ekstra tilskot frå regjeringa som er varsle i RNB25 er ikkje innarbeida i budsjettforslaget då omfanget er usikkert.

### Rentenivå

Rentenivået har auka kraftig dei siste åra, men marknaden forventar at toppen blir nådd i 2024, og at renta gradvis beveger seg litt nedover dei neste åra. Kommunen tek utgangspunkt i renteprognosane til Kommunalbanken budsjetteringstidspunktet. Kommunalbanken sin prognosemodul er brukt for å simulere

rentekostnader for åra i planperioden. Renteprognosane er usikre og endrar seg frå dag til dag. Påverknadsfaktorar er blant anna politikk, krig, pandemi, inflasjonspress, økonomiske nøkkeltal og fare for resesjon.

Store låneopptak dei siste åra, til blant anna Skjåkhallen og flaumsikring har ført til auke i utgifter til avdrag og renter. Det er også store investeringar planlagt i åra som kjem, blant anna ny barnehage i Bismo. Budsjetterte renteutgifter på investeringslån utgjer om lag 20 millionar kroner årleg i planperioden.


### Tilbakeføring av pensjonsmidlar frå KLP

Skjåk kommune har reserver i KLP sitt premiefond på 7,7 millionar kroner for å sikre seg mot uventa svingingar knytt til pensjonskostnader. I 2024 fekk kommunen ei rekordhøg attendeføring av avkastning frå KLP på over 12 millionar kroner.

I 2025 er det budsjettert med ei attendeføring frå premiefond på knapt 5 millionar kroner etter prognosar frå KLP.

### Kraftinntekter

Av grafen under ser vi at konsesjonskraftinntekter har variert svært mykje dei siste åra, frå knapt 3 millionar kroner i 2020 til vel 29 millionar kroner i 2022.



I 2024 er det budsjettert 18 millionar kroner i kraftinntekter. Ved utgangen av 3. kvartal 2024 er netto kraftinntekter på 10,4 millionar kroner, som er om lag 4 millionar kroner lågare enn 3. kvartal førre år.

Kommunen har ikkje motteke grunnlag frå sentralskattekontoret på eigedomsskatt for 2025 på det tidspunkt vi ferdigstiller budsjettet.

Konsesjonsavgifter og naturressursskatt har over tid vore stabile inntekter. Det er ynskjeleg å redusere budsjetterte netto kraftinntekter dei kommande åra, for å redusere budsjettrisiko.

## Overordna vurdering

Med store investeringar, auka reguleringspremie og høg rentesats aukar budsjetrisiko. I 2025 - 2028 er det budsjettert med negativt netto korrigert driftsresultat. I investeringsbudsjettet er det berre eigenkapitalinnskot KLP som er finansiert frå drift. Det er derfor viktig at vi arbeider oss opp mot handlingsregel slik at vi betre toler svingingar i driftsrekneskapen, og samtidig betrar evna til å finansiere mindre investeringar.

Samla risiko for avvik i høve til budsjett når det gjeld rammeoverføringer, rentenivå, lønsutvikling, kraftinntekter, reguleringspremie pensjon, tilbakeføring frå KLP og konsesjonskraft er stor. I tillegg har kommunen risiko knytt til tilpassing av ressursbruken, og eventuelle avvik på det enkelte ansvarsområde. Skjåk kommune er likevel godt budd på svingingar og har buffer i form av likviditetsreserve, pensjonsreserve og kraftfond.

## ØKONOMI

### Budsjettprosessen

Budsjettprosessen for 2025 vart vedteke i kommunestyresak 18 i april 2024. Vedtaket gjev viktige føringer for framdrifta i arbeidet med budsjett og økonomiplan.

I juni vart det gjennomført ei vellukka dialogkonferanse med deltagarar frå administrasjonen og politikarar. Det har og vore fleire oppfølgingsmøter i budsjettnemnda i løpet av hausten. Desse samlingspunktene er viktige for å skape felles forståing av premissane rundt planlagde investeringar, tilpassing av ressursbruk og tenestenivå, handlingsreglar, budsjett og økonomiplan.

Leiarar for ansvarsområda leverte budsjettforslag i september, og har vore involvert i prosessen fram til balanse i budsjettet i oktober. Økonomiplan blir utarbeida i november for politisk handsaming i desember.

### Overordna mål og handlingsreglar

For sikre langsiktig styring av kommunens økonomi har kommunestyret vedteke finansielle handlingsreglar for netto driftsresultat, brutto lånegjeld og likviditetsreserve. Desse handlingsreglane var vedteke for kommunen i kommunestyresak 39/2016:

- Netto driftsresultat korrigert for premieavvik skal minimum vere minst 3 % av brutto driftsinntekter.
- Brutto lånegjeld skal vere innanfor 100 % av driftsinntektene på sikt. Gjeldsgraden skal reduserast frå inntil 115 % i 2017 til 100 % etter 2026, ein reduksjon på 1,5 % kvart år. Dette inneber at gjeldgraden skal vere maksimalt 104,5% i 2024.
- Frie midlar, i form av likviditetsreserve, skal minst tilsvara ein månads drift, det vil seie 8,33 % av brutto driftsutgifter.

Budsjettnemnda har signalisert ei justering av handlingsregel til 1,75 % av netto driftsresultat.

Handlingsregel som omhandlar gjeldsgrad er foreslått oppdatert, då utvikling i gjeldsgrad har vore høgare enn vedteke gjeldsgrad i fleire år.

## Resultatgrad

	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
9 Sum driftsinntekter	317 096 906	330 691 000	345 210 000	343 237 000	343 241 000	343 247 000
24 Netto driftsresultat	10 069 910	-9 948 000	11 689 000	-7 772 000	-4 831 000	-1 221 000
<i>Netto driftsresultat i % av omsetnad</i>	<i>3,2 %</i>	<i>-3,0 %</i>	<i>3,4 %</i>	<i>-2,3 %</i>	<i>-1,4 %</i>	<i>-0,4 %</i>
<i>Netto premieavvik pensjon</i>	<i>-8 999 540</i>	<i>15 212 000</i>	<i>-12 335 000</i>	<i>5 529 000</i>	<i>580 000</i>	<i>-2 078 000</i>
<i>Korrigert netto driftsresultat for premieavvik</i>	<i>1 070 370</i>	<i>5 264 000</i>	<i>-646 000</i>	<i>-2 243 000</i>	<i>-4 251 000</i>	<i>-3 299 000</i>
<i>Korr. Netto driftsresultat i % av omsetnad</i>	<i>0,3 %</i>	<i>1,6 %</i>	<i>-0,2 %</i>	<i>-0,7 %</i>	<i>-1,2 %</i>	<i>-1,0 %</i>

I budsjettforslaget er netto driftsresultat 3,4 %, som er betre enn førespeglad handlingsregel på 1,75 %, men det er verdt å merke seg at korrigert netto driftsresultat er negativt. Årsaka til det positive driftsresultatet er høg teknisk premieavvik inntekt.


Det er også budsjettet med meirinntekter på flyktningtenesta (integreringstilskot) som vert avsett på bunden driftsfond.

Korrigert netto driftsresultat er negativt i alle 4 åra i planperioden. Dette skuldast i hovudsak auke i avdrag og renteutgifter grunna store investeringar i planperioden og i dei førre åra.

Framover må kommunen vurdere investeringar, konsesjonskraftinntektene, renteutviklinga og reguleringspremie pensjon saman med driftsnivået, for å sikte seg inn mot eit netto driftsresultat på 1,75 % av omsetnaden.

## Gjeld og finans

Oversikta syner utvikling i gjeld i millionar kroner ekskludert pensjonsforpliktingar i perioden, der 2019-2023 er regnskapsført gjeld 31.12, mens 2024-2028 er budsjettet gjeld 31.12.



Kommunestyret har vedteke handlingsregel på låneopptak, der brutto lånegjeld skal ligge innanfor 103,0 % av omsetnad i 2025. Gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned til under 100 % i 2028. Tabellen under viser at gjeldsgrad er vesentleg høyare enn måltal i alle fire åra i planperioden.

Millionar kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Driftsinntekter (3 % deflatorjustert)	345,2	355,6	366,2	377,2
Akkumulert gjeld	443,1	503,5	512,3	504,1
Gjeldsgrad	128,4 %	141,6 %	139,9 %	133,6 %
Mål vedtak	103,0 %	101,5 %	100,0 %	< 100%

I tabellen er inntektene deflatorjusterte med 3 % kvart år i perioden 2025-2028.

Fordelinga mellom lån til investering og lån til vidareutlån er spesifisert i tabellen under. Det er lagt inn forslag på å ta opp 6 millionar kronar i lån hjå Husbanken i 2025 der 4 millionar vil gå til forsøksordninga «startlån til fyrstegongsetablerarar». 2 millionar kroner er lagt inn for å styrke saldoen på ordinert startlån. Deretter er det foreslått 4 millionar årleg i planperioden fordelt på dei to ordningane etter behov.

Akkumulert gjeld i millionar kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Gjeld investering	414,6	472,7	479,5	469,5
Gjeld husbank	28,5	30,8	32,8	34,6

Det er fleire faktorar som spelar inn på gjeldsgraden, både endring i omsetnad, inflasjon, kva investeringar ein gjennomfører, når ei investering vert gjennomført, ekstraordinær nedbetaling, rekalkulering av investeringar og evne til å eigenfinansiere mindre investeringar. Eit stabilt høgare netto driftsresultat vil gjera det lettare å få råd til å gjennomføre investeringar innanfor vedtekne mål på gjeldsgrad.

Skjåk kommune sin gjeldsgrad inneber høg renterisiko med flytande rente. Rentebinding kan vurderast og reduserer renterisiko, men Skjåk kommune har tent mykje på å ha flytande rente over tid. Det er viktig at kommunestyret er klar over og bevisst på risikoen knytt til renteutvikling og samla gjeld.

### Likviditet

Gjennom handlingsregelen har kommunestyret lagt til rette for at vi tek vare på oppbygd likviditet.

Kommunen har i fleire år hatt god likviditet gjennom avsett likviditetsreserve. Likviditetsreserven er svært viktig av fleire grunnar;

- Likviditetsreserven kan vere ein buffer til å saldere budsjett på kort sikt, dersom vi får bråe reduserte inntekter eller uføresett kostnadsauke. Vi har dermed evne til å bruke tid på omstilling og tilpassing til endra rammer.
- Vi har midlar til å dekke opp eit eventuelt underskot på rekneskapen.
- Kommunen tåler å ha lite udisponerte fondsmidlar på ubunde kapitalfond og disposisjonsfond.
- Vi klarer oss utan kostbar kassakreditt, med omsyn til at vi generelt får kostnadar før inntekter.

Det er viktig at kommunen tek vare på, og ikkje byrjar å trekke unødvending på likviditetsreserven. Det er svært utfordrande å byggje opp ei ny likviditetsreserve.

Forventa likviditetsreserve er for tida 23,739 millionar kroner og utgjer 7,2 % i høve til brutto driftsutgifter. Handlingsregel på 8,33 % utgjer vel 27,6 millionar kroner. Likviditetsreserven er under målet, men likevel på eit godt nivå, samanlikna med andre kommunar.

Det er ikkje budsjettert med avsetting til likviditetsreserve for å nå målet. Kommunen har normalt avsett delar av eit eventuelt mindreforbruk for å styrke likviditetsreserven.

## **Handlingsrom**

Kommunen må arbeide med omstilling og justering av driftsnivå for å nå eit netto driftsresultat på 1,75 %. Forskyving av større investeringar bør vurderast med omsyn til gjeldsgrad og driftsresultat.

Tilpassingar og justering av driftsnivået er heile tida naudsynt for sikre godt nok handlingsrom til nye satsingar og riktig driftsnivå i høve til endringar i innbyggjarane sine behov. Det er og hensiktsmessig å samanlikne driftsnivå med andre kommunar, og ikkje minst KOSTRA-gruppe 5.

Inntekter frå konsesjonskraft og eventuelt utbytte kan gje noko ekstrainntekter når straumprisen er høg over tid. Avvik i ressursbruk i tenestene, endra ressursbehov, endra rentenivå, reguleringspremie pensjon, tilbakeføring frå pensjonskassene, lønsoppgjer, utvikling i kraftinntekter og overføringer frå staten er viktige faktorar for utviklinga i handlingsrommet. Handlingsrommet er også forankra i evne til å tilpasse seg endra behov og vilje til å tenke nytt for å utvikle tenestene.

## RAMMEBETINGELSAR

### Hovudoversikt drift

	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
<b>Driftsinntekter</b>						
1 Rammetilskudd	92 600 468	105 438 000	110 714 000	109 894 000	109 898 000	109 904 000
2 Inntekts- og formuesskatt	60 477 216	59 472 000	65 141 000	65 141 000	65 141 000	65 141 000
3 Eiendomsskatt	17 888 738	18 000 000	18 796 000	18 796 000	18 796 000	18 796 000
4 Andre skatteinntekter	20 870 986	20 410 000	20 839 000	20 839 000	20 839 000	20 839 000
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	16 238 260	17 564 000	17 760 000	17 760 000	17 760 000	17 760 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	50 440 214	52 003 000	53 126 000	51 973 000	51 973 000	51 973 000
7 Brukerbetalinger	9 675 766	9 680 000	9 412 000	9 412 000	9 412 000	9 412 000
8 Salgs- og leieinntekter	48 905 257	48 124 000	49 422 000	49 422 000	49 422 000	49 422 000
9 Sum driftsinntekter	317 096 906	330 691 000	345 210 000	343 237 000	343 241 000	343 247 000
<b>Driftsutgifter</b>						
10 Lønnsutgifter	158 098 295	171 300 000	175 983 000	174 398 000	174 398 000	174 398 000
11 Sosiale utgifter	31 500 677	44 623 000	33 385 000	51 182 000	46 233 000	43 575 000
12 Kjøp av varer og tjenester	82 417 438	82 212 000	78 325 000	77 881 000	77 881 000	77 881 000
13 Overføringer og tilskudd til andre	24 356 718	24 573 000	23 063 000	22 621 000	22 621 000	22 621 000
14 Avskrivninger	15 356 399	17 668 000	21 131 000	21 131 000	21 131 000	21 131 000
15 Sum driftsutgifter	311 729 527	340 376 000	331 887 000	347 213 000	342 264 000	339 606 000
16 Brutto driftsresultat	5 367 379	-9 685 000	13 323 000	-3 976 000	977 000	3 641 000
<b>Finansinntekter</b>						
17 Renteinntekter	11 640 823	12 870 000	13 600 000	13 500 000	13 400 000	13 300 000
18 Utbytter	2 568 374	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler						
20 Renteutgifter	12 420 433	18 624 000	21 424 000	21 370 000	21 923 000	21 603 000
21 Avdrag på lån	12 442 632	15 224 000	17 941 000	20 057 000	21 416 000	20 690 000
22 Netto finansutgifter	-10 653 868	-17 978 000	-22 765 000	-24 927 000	-26 939 000	-25 993 000
23 Motpost avskrivninger	15 356 399	17 715 000	21 131 000	21 131 000	21 131 000	21 131 000
24 Netto driftsresultat	10 069 910	-9 948 000	11 689 000	-7 772 000	-4 831 000	-1 221 000
<b>Netto driftsresultat i % av omsetnad</b>	<b>3,2 %</b>	<b>-3,0 %</b>	<b>3,4 %</b>	<b>-2,3 %</b>	<b>-1,4 %</b>	<b>-0,4 %</b>
<b>Netto premieavvik pensjon</b>	<b>-8 999 540</b>	<b>15 212 000</b>	<b>-12 335 000</b>	<b>5 529 000</b>	<b>580 000</b>	<b>-2 078 000</b>
<b>Korrigert netto driftsresultat for premieavvik</b>	<b>1 070 370</b>	<b>5 264 000</b>	<b>-646 000</b>	<b>-2 243 000</b>	<b>-4 251 000</b>	<b>-3 299 000</b>
<b>Korr. Netto driftsresultat i % av omsetnad</b>	<b>0,3 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>-0,2 %</b>	<b>-0,7 %</b>	<b>-1,2 %</b>	<b>-1,0 %</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>						
25 Overføring til investering	20 275 159	3 800 000	850 000	850 000	850 000	850 000
26 Avsetninger til bundne driftsfond	9 492 865	8 853 000	9 587 000	9 587 000	9 587 000	9 587 000
27 Bruk av bundne driftsfond	-10 611 778	-15 237 000	-8 560 000	-8 560 000	-8 560 000	-8 560 000
28 Avsetninger til disposisjonsfond	21 985 347	19 932 000	23 407 000	16 869 000	15 730 000	17 808 000
29 Bruk av disposisjonsfond	-31 071 684	-27 296 000	-13 595 000	-26 518 000	-22 438 000	-20 906 000
<b>30 Dekning av tidligere års merforbruk</b>						
31 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	10 069 910	-9 948 000	11 689 000	-7 772 000	-4 831 000	-1 221 000
<b>32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Netto driftsresultat i 2025 er budsjettert til 3,4 %, men dette er resultat av høgt teknisk premieavvik inntekt. Korrigert netto driftsresultat er derfor -0,2 %. Målet på korrigert netto driftsresultat er tidlegare sett til 3,0 %. I planperioden fram til 2028 kan resultatet betrast ved at rentesatsen reduserast meir enn prognosene, ved å utsetje planlagde investeringar og ved å tilpasse driftsnivå i tenestene.

Pensjonskostnadene er og svært usikre i dei kommande åra. Regjeringa har varsla at det kjem ekstra tilskot til auka pensjonskostnader i revidert statsbudsjett for 2025, men det er foreløpig ikkje lagt inn i budsjettet da vi ikkje veit størrelsen på dette tilskotet.

Flyktningbudsjettet er svært usikkert, men dette blir ført i balanse mot fondsavsettingar. Normalt får ein integreringstilskot i forkant av utgiftene. Posten "Andre overføringer og tilskot frå staten" inneholder integreringstilskot flyktningar.

I 2025 er det høgt premieavvik inntekt som trekker ned netto kostnad på sosiale kostnadene, til tross for høg reguleringspremie på pensjon. Premieavviket blir ført mot fond og går i 0 over to år, men medfører at kostnadsføring varierer mykje. Endringane i finansutgifter kjem som følgje av nye avdrag og renter på lån knytt til større investeringar.

## Rammer til ansvarsområda

	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
100 KOMMUNEDIREKTØR	9 081 530	9 113 000	9 689 000	9 608 000	9 608 000	9 608 000
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIKLING	2 876 655	3 170 000	3 364 000	3 364 000	3 364 000	3 364 000
104 ØKONOMI	4 022 567	4 594 000	5 818 000	5 318 000	5 318 000	5 318 000
200 OPPVEKST OG UTDANNING	19 593 506	20 223 000	22 767 000	22 767 000	22 767 000	22 767 000
201 FLYKTNINGAR	7 240 285	7 183 000	4 963 000	6 422 000	6 422 000	6 422 000
211 DØNFOSS BARNEHAGE	4 880 560	4 760 000	6 144 000	6 144 000	6 144 000	6 144 000
213 BISMO BARNEHAGE	12 450 452	12 930 000	13 032 000	13 032 000	13 032 000	13 032 000
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	27 800 739	26 998 000	28 672 000	27 631 000	27 631 000	27 631 000
240 KULTURSKULE	1 902 128	2 146 000	2 272 000	2 272 000	2 272 000	2 272 000
300 HELSE OG OMSORG	4 297 252	4 168 000	4 736 000	4 736 000	4 736 000	4 736 000
310 INSTITUSJON OG HEIMESJUKEPLEIE	42 335 907	39 613 000	43 553 000	43 403 000	43 403 000	43 403 000
320 HEIMETENESTER TIL FUNKSJONSHEMMA	18 411 687	17 175 000	19 757 000	19 607 000	19 607 000	19 607 000
330 HELSETASJON	2 655 095	2 779 000	2 841 000	2 668 000	2 668 000	2 668 000
331 NAV	2 648 779	3 543 000	3 273 000	3 273 000	3 273 000	3 273 000
332 BARNEVERN	5 678 538	5 805 000	5 097 000	5 097 000	5 097 000	5 097 000
350 HELSETENESTER	15 451 540	13 307 000	15 274 000	15 274 000	15 274 000	15 274 000
400 MILJØ OG SAMFUNNSUTVIKLING	9 335 911	9 990 000	12 458 000	11 801 000	11 801 000	11 801 000
410 KULTUR	1 465 955	1 588 000	1 475 000	1 475 000	1 475 000	1 475 000
420 TEKNISK VAR	7 692 444	6 099 000	6 093 000	6 093 000	6 093 000	6 093 000
430 TEKNISK DRIFT	26 414 633	28 335 000	31 991 000	31 991 000	31 991 000	31 991 000
450 LANDBRUK OG NÆRING	426 521	226 000	3 582 000	3 582 000	3 582 000	3 582 000
600 FINANS OG OVERFØRINGAR	-226 662 686	-223 745 000	-246 851 000	-245 558 000	-245 558 000	-245 558 000
<b>TOTALT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Kommunedirektør og stab	15 980 752	16 877 000	18 871 000	18 290 000	18 290 000	18 290 000
Oppvekst og utdanning	73 867 670	74 240 000	77 850 000	78 268 000	78 268 000	78 268 000
Helse og omsorg	91 478 798	86 390 000	94 531 000	94 058 000	94 058 000	94 058 000
Miljø og samfunnsutvikling	45 335 464	46 238 000	55 599 000	54 942 000	54 942 000	54 942 000
Finans og overføringer	-226 662 686	-223 745 000	-246 851 000	-245 558 000	-245 558 000	-245 558 000
<b>TOTALT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

- Auka pensjonskostnadane fører til auke i rammene til alle ansvarsområda.
- Høgare lønsauke i enn budsjettet i 2024 får heilårsverknad i 2025. I tillegg er det budsjettet med 4,6 % lønsauke frå 1. mai 2025.
- Lom har sagt opp samarbeidsavtale med Flyktningstenesta frå 01.08.25. Flyktningbudsjettet er usikkert, men blir ført i balanse på prosjekt 900 mot fond.
- Budsjettet på blant anna Teknisk og Miljø og samfunnsutvikling aukar over tid på grunn av auka avskrivningar.
- Bruk av næringsfond som ikkje er direkte knytt til næringsstøtte / tilskot til andre er fløtt frå ansvar 450 til ansvar 600 for å få betre oversikt over utgiftsnivå på tenestene i ansvar 450.
- Midlar til utbetringstilskot ligg under ansvar 104. Det er eit auka behov i 2025.

Elles er endring i bruk av ressursar i ansvarsområda omtala under kommunalsjefane sine område.

## Løn og pensjon

Tabellen under viser budsjett for løn og pensjon:

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Lønsutgifter	158 098 295	171 300 000	175 983 000	174 398 000	174 398 000	174 398 000
Sosiale utgifter	31 500 677	44 623 000	33 385 000	51 182 000	46 233 000	43 575 000
<b>TOTALT</b>	<b>189 598 972</b>	<b>215 923 000</b>	<b>209 368 000</b>	<b>225 580 000</b>	<b>220 631 000</b>	<b>217 973 000</b>

Lønsauke frå 1. mai 2025 er estimert til 4,6 %. Elles er endringa i lønsutgiftene kommentert av kommunalsjefane for kvar sektor i eige kapittel

Sosiale kostnader per art:

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
		2023	2024	2025	2026	2027	2028
1090	PENSJONSIINNSKOT KLP	33 762 529	25 149 000	32 521 000	32 609 000	32 609 000	32 609 000
1091	PENSJONSIINNSKOT SPK	2 689 270	1 994 000	2 364 000	2 249 000	2 249 000	2 249 000
1092	ULYKKE- OG GRUPPELIVSFORSIKRING	304 016	428 000	424 000	425 000	425 000	425 000
1093	AVTALEFESTA PENSJON - KLP	2 349 677	2 221 000	2 423 000	2 423 000	2 423 000	2 423 000
1096	OVERFØRING FRÅ PREMIEFOND	-10 034 799	-12 000 000	-5 069 000	-5 069 000	-5 069 000	-5 069 000
1097	PREMIEAVVIKET	-8 458 214	14 297 000	-11 593 000	5 196 000	1 071 000	-1 953 000
1098	ARB G AVG AV PREMIEAVVIKET	-541 326	915 000	-742 000	333 000	-491 000	-125 000
1099	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	11 429 524	11 619 000	13 057 000	13 016 000	13 016 000	13 016 000
<b>TOTALT</b>		<b>31 500 677</b>	<b>44 623 000</b>	<b>33 385 000</b>	<b>51 182 000</b>	<b>46 233 000</b>	<b>43 575 000</b>

I 2025 og følgande år er det ei auke reguleringspremie pensjon grunna overgangsordning med ny AFP. Forventningane er at reguleringspremien vil halde seg stabilt høgt i alle åra i planperioden.

Dei store variasjonane i sosiale kostnader kjem i hovudsak av premieavviket. Premieavviket medfører ikkje kontanttransaksjonar, men må førast slik myndighetene har bestemt. Premieavvik blir inntektsført, avsett og ført motsett veg neste år. Premieavviket påverkar dei sosiale kostnadene og netto driftsresultat, men blir utjamna mot fondsføring, slik at dei normalt ikkje påverkar budsjettbalansen. Føringane går i 0 over 2 år, men påverkar netto driftsresultat det einskilde år. I 2025 syner budsjettet eit godt netto driftsresultat på over 3 %, men det er vert å merke seg at netto driftsresultat korrigert for premieavvik er negativt.

## Kraftinntekter

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Konsesjonsavgift	-8 442 064	-8 410 000	-8 410 000	-8 410 000	-8 410 000	-8 410 000
Konsesjonskraft	-21 100 020	-18 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000
Eigendomsskatt	-16 336 645	-18 000 000	-18 796 000	-18 796 000	-18 796 000	-18 796 000
Naturressursskatt	-12 428 922	-12 000 000	-12 429 000	-12 429 000	-12 429 000	-12 429 000
Renter avtalekraft Skjåk Energi	-3 007 083	-4 200 000	-4 100 000	-4 100 000	-3 900 000	-3 800 000
Utbytte frå selskap	-2 300 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Avdrag på andre utlån	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
<b>TOTALT</b>	<b>-65 614 734</b>	<b>-65 610 000</b>	<b>-63 735 000</b>	<b>-63 735 000</b>	<b>-63 535 000</b>	<b>-63 435 000</b>

- Skjåk kommune betaler avdrag og renter på lån knytt 7 % eigardel i Øvre Otta, som kjem til frådrag i inntektene.
- Skjåk Vasskraft betaler avdrag og renter til kommunen knytt til eigardel i Øvre Otta.
- På konsesjonskraft har det vore stor variasjon i inntekter dei siste åra.
- Inntekter frå naturressursskatt medfører at rammeoverføringane blir redusert gjennom inntektsutjamninga.
- Kommunen har ikkje motteke egedomskattelister på kraftanlegg, og inntektsanslag er usikkert.
- Konsesjonsavgift gjev fast innkomst til næringsfondet.
- Det er i 2024 vedteke nye takstar på egedomsskatt på kraftlinjer som gjeld for skatteåret 2025 – 2034.

## INVESTERINGAR

### Samleoversikt

Investeringar bruttokostnadar	Nr	Ans	Ten	Pro	2025	2026	2027	2028	2029->(Vent)
Regiondata	1	200	1205	115	400 000	400 000	400 000	400 000	
Bilpark	2	310	2543	298	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Brannstasjon damegarderober / ren og skitten sone	3	400	3381	204					4 000 000
Tiltak etter vedtak hovedplan veg ( bru, asfalt )	4	420	3331	463	4 200 000	3 500 000	1 000 000	1 000 000	
Tiltak hovudplan vatn og avløp (vassmålarar mm)	5	420	3401	416	1 000 000	1 300 000			
Reserveforsyning vatn Bismo	6	420	3401	416	600 000	7 500 000			
Dønfoss VAR	7	420	3403	292	6 000 000				
Grotli vassverk	8	420	3406	461		500 000	7 500 000		
Billingen vassverk prosjektering	9	420	3408	462				500 000	
Bismo leidningsnett, reint vatn	10	420	3451	413	1 500 000		1 500 000		
Aurmo leidningsnett, reint vatn	11	420	3452	414		1 000 000		1 000 000	
Dønfoss VA steg 2	12	420	3503	292		300 000	4 000 000		
Marlo renseanlegg prosjektering pga utbygging	13	420	3505	289			500 000	3 000 000	
Grotli renseanlegg utbetring	14	420	3506	461		2 000 000			
Bismo Leidningsnett, avløp	15	420	3531	413	1 500 000		1 500 000		
Aurmo Leidningsnett, avløp	16	420	3532	414		1 000 000		1 000 000	
Aggregat pumpest flomvoll (beredskap)	17	400	3609	850	800 000				
ENØK (besparelser i drift)	18	430	1300	186	750 000	750 000	750 000		
Kommunehus ny inngang legekontor ombygging, lydisolering	19	430	1300	490		4 500 000			
Skjåk barnehage	20	430	2213	778	14 750 000	59 000 000			
Butilbod rus / spykiatri / Bismotunet	21	430	2651	200				14 000 000	
Skjåkheimen ombygging 6 SJH til 3 OMS (45% HB)	22	430	2653	214		5 000 000			
Boliger til helse jf brannstasjon (45% husbanken)	23	430	2653	221	10 000 000				
Skjåkheimen Demenstun 8 bustadar (45 % HB)	24	430	2653	401	1 000 000		24 000 000		
Rassikring Skei boliger	25	430	3155	410	8 000 000				
Rassikring Skei VA (høgdebasseng)	26	430	3401	416		8 000 000			
Ny hall	27	430	3810	420				40 000 000	
Eigenkapitalinnskot KLP	28	600	1720	615	850 000	850 000	850 000	850 000	
Eigedomsskap med rerutteringsbustadar	29	430	2650	560	10 000 000				
VA plan	30							32 000 000	
Dønfoss pumpe	31	420	3503	415	4 000 000				
Arbeidsretta tiltak / sysselsetting	32	430	1300	561	5 000 000				
Hyttecontainer	34	400	3551	570	123 000	123 000			
<b>Sum totalt</b>					<b>71 473 000</b>	<b>96 723 000</b>	<b>43 000 000</b>	<b>12 750 000</b>	<b>86 000 000</b>
<b>Sum samla alle 4 år</b>							<b>223 946 000</b>	<b>309 946 000</b>	
Investeringar finansiering	Nr	Ans	Ten	Pro	2025	2026	2027	2028	2029->(Vent)
Tilskot					3 960 000	1 800 000	8 640 000	0	33 040 000
Mva komp					8 060 000	15 450 000	4 950 000	800 000	10 800 000
Drift ( eventuelt også disposisjonsfond )					850 000	850 000	850 000	850 000	
Lån					58 200 000	78 200 000	28 500 000	11 000 000	42 160 000
Ubunde investeringsfond					403 000	423 000	60 000	100 000	
<b>Sum totalt</b>					<b>71 473 000</b>	<b>96 723 000</b>	<b>43 000 000</b>	<b>12 750 000</b>	<b>86 000 000</b>

Det er lagt opp til felles låneopptak på investeringane i 2025 på 58,2 millionar kroner. Investeringar som ikkje er fullførte blir eventuelt rebudsjetterte i eiga sak.

## Hovedoversikt investering

	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
<b>Bevilgningsoversikt - invest. (budsjett)</b>						
1 Investeringer i varige driftsmidler	102 015 123	165 008 000	70 623 000	95 873 000	42 150 000	11 900 000
2 Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	732 879	1 570 000	850 000	850 000	850 000	850 000
4 Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>102 748 002</b>	<b>166 578 000</b>	<b>71 473 000</b>	<b>96 723 000</b>	<b>43 000 000</b>	<b>12 750 000</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	16 127 458	27 196 000	8 060 000	15 450 000	4 950 000	800 000
8 Tilskudd fra andre	2 065 828	1 700 000	3 960 000	1 800 000	8 640 000	0
9 Salg av varige driftsmidler	388 324	0	0	0	0	0
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
<b>13 Bruk av lån</b>	<b>55 543 203</b>	<b>126 117 000</b>	<b>58 200 000</b>	<b>78 200 000</b>	<b>28 500 000</b>	<b>11 000 000</b>
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>74 124 812</b>	<b>155 013 000</b>	<b>70 220 000</b>	<b>95 450 000</b>	<b>42 090 000</b>	<b>11 800 000</b>
15 Videreutlån	3 592 833	8 000 000	6 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
16 Bruk av lån til videreutlån	3 592 833	8 000 000	6 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
17 Avdrag på lån til videreutlån	1 484 956	1 600 000	1 659 000	1 659 000	1 659 000	1 659 000
18 Mottatte avdrag på videreutlån	1 384 000	1 600 000	1 659 000	1 659 000	1 659 000	1 659 000
<b>19 Netto utgifter videreutlån</b>	<b>100 956</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
20 Overføring fra drift	-20 275 159	-4 100 000	-850 000	-850 000	-850 000	-850 000
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
22 Bruk av bundne investeringsfond	0	-1 000 000	0	0	0	0
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	13 014 989	0	0	0	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-21 463 975	-6 465 000	-403 000	-423 000	-60 000	-100 000
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
<b>26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>-28 724 146</b>	<b>-11 565 000</b>	<b>-1 253 000</b>	<b>-1 273 000</b>	<b>-910 000</b>	<b>-950 000</b>
<b>27 Fremført til inndekning i senere år(udekkt bel</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Balansepostar

### Eigendomar og anlegg

Skjåk kommune har ei stor og funksjonell bygningsmasse som er teke godt vare på. Dei siste åra har det vore gjennomført fleire store investeringar, som har auka kvaliteten på bygningsmassen. Skjåkhallen, flaumsikring og ny barnhage er store løft for Skjåk kommune. I åra som kjem vil det være behov for fleire store opprustingar innanfor vatn og avløp.

### Fond

Det står att midlar på disposisjonsfond, næringsfond og ubunde investeringsfond. Det er nødvending å tilføre ubunde investeringsfond nye midlar for å eigenfinansiere mindre investeringar. Næringsfondet har fast årleg innkomst. Skjåk kommune har reservar knytt til likviditetsfond, premiefond og kraftfond.

### Arbeidskapital

Arbeidskapitalen omfattar omløpsmidlar som bankinnskot, fordringar og premieavvik, med frådrag for kortsiktig gjeld og ubrukte lånemidlar. Dette tilsvrar likviditetsreserve, fond og siste års resultat.

Kommunen sin arbeidskapital har utvikla seg slik dei siste 5 åra;

<i>Beløp i millionar kroner</i>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Rekneskap 2021</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Rekneskap 2023</b>
Omløpsmidlar	131,103	134,663	164,755	184,102	208,561
Kortsiktig gjeld	-36,106	-32,536	-29,253	-29,050	-59,399
Ubrukte lånemidlar	-9,447	-6,434	-21,166	-24,146	-36,909
<b>Arbeidskapital aktiva</b>	<b>85,550</b>	<b>95,694</b>	<b>114,336</b>	<b>130,907</b>	<b>112,252</b>
Renter avtalekraft Skjåk Energi	-18,139	-19,539	-19,539	-20,539	-23,739
Utbytte frå selskap	-56,284	-76,155	-94,797	-110,368	-88,513
Avdrag på andre utlån	-11,127	0,000	0,000	0,000	0,000
<b>Disponibele midlar passiva</b>	<b>-85,550</b>	<b>-95,694</b>	<b>-114,336</b>	<b>-130,907</b>	<b>-112,252</b>

Skjåk kommune har hatt god arbeidskapital over tid, blant anna på grunn av høg likviditetsreserve. Arbeidskapitalen forventast å variere med resultatet og kor mykje kommunen får avsett til fond i langtidsperioden. Står det mykje midlar på fond blir kapitalen i neste omgang brukt til mindre investeringar eller andre tiltak, som igjen reduserer arbeidskapitalen. Frå 2022 til 2023 vart arbeidskapitalen redusert noko. Det blir ny oppdatering for 2024 når rekneskapen blir avgjort.

## Framtidsutsikter økonomi

Skjåk kommune er på mange måtar godt budd på framtida med solide anlegg og høge kraftinntekter.

Det er viktig at vi arbeider for å få eit netto driftsresultat til 1,75 % av omsetnaden over tid, slik at vi betrar investeringsevne. Til tross for store investeringar, så klarer kommunen å oppretthalde høgt nivå på tenestene. Kraftinntektene vil variere, men over tid vil kommunen truleg få gode inntekter frå konsesjonskraft og eigedomsskatt.

Utfordringane framover er knytt til å gjennomføre driftstilpassingar etter endring i innbyggjarane sine behov. Vi skal ha gode tenester med høgt nivå i Skjåk, men samtidig må vi arbeide for effektiv og fornuftig ressursbruk til kvar tid. Det er nødvending med god planlegging for å betre korrigert netto driftsresultat og halde gjelda på eit nivå, som samsvarer med handlingsregelen. Kommunen må til kvar tid vurdere når det er økonomi til å gjennomføre aktuelle investeringar.

Skjåk kommune har jamt over høgt nivå på sine anlegg og økonomiske buffer i form av likviditetsreserve, premiefond og kraftfond, og har slikt sett ei sterk økonomisk stilling. Tilsette og politikarar må være merksam på budsjetrisikoen, særleg knytt til variasjonar i konsesjonskraftinntekter, reguleringspremie og rentenivå.

## MEDARBEIDARAR

### Hovudmålsettingar

Personalet er kommunen sin viktigaste ressurs. Målet for personalpolitikken er å rekruttere, halde på og vidareutvikle arbeidstakarane. Dette for at kommunen som organisasjon skal drivast på ein effektiv måte og gje best mogleg tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar.

Personalpolitikken skal leggast opp med sikte på høg grad av trivsel for å oppnå optimal utnytting av personalressursane.

Kommunen sine medarbeidarar skal vere løysingsorienterte. Leiarane skal oppmuntre til sjølvstende og i stor grad delegera mynde. Leiinga skal og oppmuntre til nytenking og toleranse.

Kommunen har vedteke etiske retningslinjer som skal bidra til bevisstgjering av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen. Våre haldningar påverkar den tilliten som innbyggjarane skal ha til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss. Ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål og dilemma er nødvendig for å utvikle eit godt etisk og fagleg skjønn.

### Arbeidstid og heiltidskultur

I omgrepet «heiltidskultur» ligg det ein intension om at det er heiltid som skal vera utgangspunktet og norma – deltid er unnataket. I gjeldande hovudtariffavtale er dette nedfelt i kapittel 1. Skjåk kommune har dei siste åra arbeidd aktivt i lag med dei tillitsvalde for å redusere ufrivillig deltid og etablere ein heiltidskultur.

Ved tilsetting i nye stillingar ser arbeidsgjevar i lag med dei tillitsvalde om det kan vere fortrinnsberettiga i forhold til reglane i Arbeidsmiljølova. Som det går fram av lova i § 14-3 har deltidstilsette fortrinnsrett til utvida stilling framfor at arbeidsgjevar fortek ny tilsetting. Deltidstilsette som siste 12 månader jamleg har arbeidd utover avtalt arbeidstid kan også ha rett på utvida stilling.

Det vert ved alle utlysingar av ledige stillingar vurdert korleis ein kan få til størst mogleg stillingsstorlek, m.a. ved å slå saman fleire mindre stillingar. Deltidsstillingar er ikkje gunstig for korkje drifta, brukarane, arbeidsgjevar eller arbeidstakar. Det vil likevel vere slik at nokre tilsette grunna helseutfordringar eller familiesituasjon i periodar ynskjer å arbeide deltid.

### Fråvær

Skjåk kommune er ei IA-kommune som jobbar målretta for å redusere sjukefråvær blant sine tilsette og styrke arbeidet med tilrettelegging, både for å unngå sjukemeldingar, og for å lette attendeføring av sjukemeldte til jobb.

Skjåk kommune hadde eit stabilt og lågt sjukefråvær i åra før pandemien. I 2020 fekk vi ei kraftig auke i fråværet opp til 10,2%. Vi hadde ein nedgang i fråværet i 2021, men ei ny auke att i 2022. Gjennom året 2022 var det tiltak på både på system- og individnivå, og vi såg at fråværet gjekk ned gjennom året. Nedgangen i fråværet heldt fram i 2023, og det var det fyrste året etter pandemien der vi kom under 8% fråvær.

Kommunen har ein eigen plan for tenester frå bedriftshelsetenesta. Gjennom tiltak vi har jobba med som IA-kommune over fleire år er målsettinga å vere ein meir inkluderande arbeidsplass der overordna mål er å førebyggje og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet. Leiarane er viktige både i førebygging og oppfølging av sjukmeldte. Sjukefråvær er fast tema på møte i arbeidsmiljøutvalet. Sjukefråværarsarbeid og nærværarsarbeid er også tema på møte og ulike opplegg med leiarar, tillitsvalde og verneombod gjennom året.

Samla fråvær frå 2018-2023:

2023	2022	2021	2020	2019
7,8%	9,3 %	8,7%	10,2%	6,1%

Det er sett eit mål for kommunen sitt samla sjukefråvær på 6 %. Dette er noko vi må arbeide vidare med framover, slik at vi kjem ned mot nivået vi hadde før pandemien. Ved utgangen av september 2024 låg fråværet på 7,4%, noko som er ein nedgang sett opp mot åra etter pandemien og 2023.

Forsking viser at det ikkje er enkle faktorar som forklarar sjukefråvær. Dette er eit samspele mellom arbeidstakar, leiar, lege og NAV, og det vil kunne vere både private og arbeidsplassrelaterte grunngjevingar. Likevel vil sjukefråvær koste samfunnet og arbeidsplassen store summar kvart år. Det er viktig å presisere at folk må kunne vere sjuke og få ei adekvat medisinsk behandling, og at dei er sjukmeldte som ein del av det.

### **Kompetanseutvikling og rekruttering**

Skjåk kommune arbeider med kompetanseplanlegging i forhold til kompetansebehovet i tenestene og behovet for kompetanseutvikling/rekruttering på stutt og lengre sikt. Rekruttering og kompetansetiltak blir ofte lite målretta og tilfeldig, dersom ein ikkje vurderer dette systematisk ut frå oppgåver og behov for kompetanse i tenestene. Administrasjon og leiarar i kommunen har difor fokus på tiltak både på stutt og lengre sikt. Kompetanseutval med administrasjon og hovudtillitsvalde handsamar søknadar frå tilsette som søker om støtte til utdanning. Ein del utdanningsar på ulike område, (gjeld til dømes kompetanse for kvalitet for lærarar), har eigne reglar for ekstern finansiering.

I ein del tilfelle er det aktuelt å leggje til rette for intern kompetanseheving innan, eller på tvers av, tenesteområda. Samarbeid på tvers av kommunegrenser kan også leggje til rette for kompetanseutvikling

innan enkelte område. Den digitale utviklinga gjer at det etter kvart er enklare å fylgje opplæring og undervisning over nettet. Dette er ofte rimelegare og krev mindre reising enn tradisjonelle opplegg. E-læring gjev nye moglegheiter for kompetanseheving innan mange felt. Vi har fått mange nyttige erfaringar gjennom pandemien. Vi har vorte flinkare til å nytte digitale løysingar, og dette er noko vi vil ha med oss også i kompetanseplanlegging framover.

## Lærlingar

Tilrettelegging av tilbod til lærlingar, og tilrettelegging for å ta imot lærlingar er viktig. Det er mange grunnar for å ta imot lærlingar. Dette er viktig i rekrutteringssamanheng, og kommunen har eit samfunnsansvar for å legge til rette for at ungdom har skuletilbod og kan få fagbrev. Det å ta inn lærlingar er med på å stimulere til kvalitetsutvikling av tenestene våre, og lærlingane er ein viktig ressurs som medarbeidrarar i kommunen.

Ved å leggje til rette med gode læreplassar i kommunen vil dette vere ein del av omdømmebygging for Skjåk kommune. Ved utgangen av oktober 2024 hadde vi 4 lærlingar. Dette er fordelt på 2 ulike fag, 3 helsefagarbeidrarar og 1 institusjonskokk. Skjåk kommune er godkjent lærebodrift i totalt 7 fag, dette er barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar, kontor- og administrasjonsfag, IKT-servicefag, institusjonskokk, dataelektronikkfaget og brannførebyggarfaget. Brannførebyggjar er eit nytt lærefag for kommunen, og vi fekk godkjenning sommaren 2024. Her er planen å ta inn lærling i fyrste halvår 2024.


Vi har ein intensjon om å ta inn totalt 4 nye lærlingar kvart år i økonomiplanperioden, og desse skal vere fordelt på ulike fag. Dei siste åra har vi dessverre registrert ein nedgang i talet på søkjavar til læreplassar i kommunen. I samband med nedgangen ser kommunen det som viktig å få godkjenning og i nye lærefag, og det er difor positivt at vi nå har fått godkjenning i eitt nytt fag.

## PRESENTASJON AV HOVUDOMRÅDE

### Overordna organisasjonskart

Kommunedirektøren, leiar for personal- og organisasjonsutvikling, økonomisjefen og kommunalsjefane utgjer kommunen si øvste administrative leiing, som har eit totalansvar for heile organisasjonen.

Kommunalsjefane har kommunedirektøren sine fullmakter innan sitt tenesteområde.



### Stab

Under området personal- og organisasjonsutvikling er det ein personalkonsulent i full stilling, i tillegg er lærlingane under dette området. Personal- og organisasjonsutvikling vert i mange samanhengar også omtala som HR-området. HR står for Human Resources, eller menneskelege ressursar – «humankapitalen». Vi kan seie at dette er alle aktivitetar som omhandlar planlegging, anskaffing, utvikling og “avvikling” av alle menneskelege ressursar i organisasjonar. Om HR-prosessane vert utført rett og effektivt vil det medverke til utvikling og vekst. Med tydelege og definerte mål, roller og prosedyrar, og oppfølging av desse, aukar sannsynet for at tilsette er engasjerte og leverer optimalt i samsvar med verksemda sine mål.

Arbeidsgjevaransvaret er delegert i lina frå kommunedirektøren til kommunalsjefar og tenesteleiarar («dei utøver kommunedirektørfunksjonen på sine område»), medan personalkonsulent er støttefunksjon for desse. Personalkonsulent skal kvalitetssikre at leiarar i lina handterer arbeidsgjevaransvaret i tråd med lov og avtaleverk og kommunestyrevedtak.

I 2024 vart budsjettet til økonomiavdelinga styrka med ei 50% stilling. I 2025 er det overført ei 50% stilling knytt til internkontroll frå ansvar 400 slik at dette vil utgjere ei heil stilling på økonomiavdelinga. Dette vil lette for eit stort arbeidspress med oppgåver knytt til KOSTRA analyser, kraftforvaltning, tilpassing til endringar i lovverk og rundskriv og arbeid med digital transformasjon.

## Tenesteområde Oppvekst og utdanning



I tillegg deltek kommunen i regionalt samarbeid om PPT (Pedagogisk psykologisk teneste), der Sel kommune er vertskommune.

### KOSTRA

#### Barnehage

Utvalgte nøkkeltall for barnehager, etter statistikkvariabel, region og år - 2023	Skjåk	Landet u/Oslo	Innlandet	KOSTRA-gruppe 5
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	84,6	88,8	87,7	84,8
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	90,9	94	93,5	91,6
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	95,9	97,3	97,2	96
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	5	5,7	5,5	5,1
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)	47,5	41,3	43,8	41,2
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelpe (prosent)	6,3	4	3,2	3,1
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	11	14,2	12	11,6
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	243.239	211.948	213.999	230.984

Kjelde: KOSTRA/Statistikkbanken 2023

KOSTRA-tala for 2023 syner at 90,9% av barn i alderen 1 – 5 år går i barnehagen. Dette er noko lågare enn sist år, og det er under snitt for både landet og KOSTRA-gruppe.

Skjåk har ein bemanningsfaktor på 5 plassar per årsverk. På same tid er netto driftsutgifter for barnehagar per innbyggjar 1 – 5 år i Skjåk på kr 243.239 mot kr 230.984 i KOSTRA-gruppe 5. Det er viktig å merke seg at dette ikkje kjem av høg bemanning, men av at vi har små barnehagar og høgt utdanna personell med lang ansiennitet.

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Fødde	20	17	21	18	17	15	15	20	15	15	17*

Kjelde: SSB/kommunefakta. Talet for 2024 er pr 31.10., dette vil bli høgare.

I perioden 2014 – 2023 har det vore mellom 15 og 21 fødslar i året. I tillegg har det dei siste åra kome flyktningar med barn i barnehagealder, og vi har elles både til- og fråflytting som spelar inn på kor mange som treng barnehageplass frå år til år. I tillegg til hovudopptaket blir det kontinuerleg teke opp barn gjennom heile året ved behov så sant det er kapasitet i barnehagane. Dette er eit gode for barnefamiliar som flyttar til Skjåk. På same tid er det utfordrande med tanke på kapasitet og bemanning, og det gjev endringar i driftskostnadene gjennom året som det er vanskeleg å føresjå når budsjettet blir lagt. Kontinuerleg opptak gjer også at barnehagane må vere fleksible og gjennomføre tilvenningsperiodar i store delar av året. Dette er ressurskrevjande, men barnehagane syner god omstillingsevne og fleksibilitet, og legg godt til rette for dei situasjonane som kjem gjennom barnehageåret.

Barnehageåret 2024/2025	Barn	Plassar
Bismo barnehage haust 2024	39	52
Bismo barnehage vår 2025	41	56
Avdeling Holemark haust 2024	21	32
Avdeling Holemark vår 2025	19	28
Dønfoss naturbarnehage haust 2024	25	32
Dønfoss naturbarnehage vår 2025	30	42

### Grunnskule

Utvalede nøkkeltall for grunnskole, etter region, statistikkvariabel og år - 2023	Skjåk	Landet u/Oslo	Innlandet	KOSTRA-gruppe 5
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	194	146,2	161,8	162,3
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	11,5	8,1	7,8	9,7
Gruppestørrelse 2 (antall)	12,2	15,6	15,1	13
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	41,8	42,2	41,9	41,8
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	21,1	23,2	21,7	22
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202), per innbygger 6-15 år (kr)	216.074,1	147.566,8	158.738,9	179.500,7

Kjelde: KOSTRA/Statistikkbanken 2023

Om ein ser på netto driftsutgifter til grunnskulesektoren, ser ein at Skjåk ligg høgare enn både landet, Innlandet og landet elles. Likevel brukar vi lågare prosent av netto driftsutgifter til grunnskulesektoren enn både landet, fylket og KOSTRA-gruppa. Ein ser også at Skjåk har noko mindre gruppestørleik enn KOSTRA-gruppa, men det er verdt å merke seg at berre to andre kommunar (Stor-Elvdal og Snåsa) i KOSTRA-gruppe 5 har mindre elevtal enn Skjåk. Såleis vil det vere naturleg at gruppestørleiken i Skjåk er noko mindre, og såleis vil dette også slå ut på driftsutgiftene. Skjåk har dessutan høgt utdanna personell med lang ansiennitet, dette spelar også i stor grad inn på driftsutgiftene. Skjåk har ingen lærarar som ikkje har godkjent utdanning.

Når det gjeld spesialundervisning, har Skjåk høgare tal enn landet, fylket og KOSTRA-gruppa på både årstimer per elev, og elevar som får spesialundervisning. Omgrepene spesialundervisning blir elles endra frå hausten 2024 til individuelt tilrettelagt opplæring. Det er eit klart mål, også etter nasjonale føringar, at meir av denne undervisninga skal dekkast innanfor det ordinære tilbodet elevane får.

#### Bibliotek

Netto driftsutgift til folkebibliotek per innbyggjar (kr)	Skjåk	Landet u/Oslo	Innlandet	KOSTRA-gruppe 5
	1149	344	395	529

Kjelde: KOSTRA/Statistikkbanken 2023

#### Utlån i 2023

Type medium	Talet på utlån
Barnebøker - faglitteratur	1076
Barnebøker - skjønnlitteratur	4616
Vaksenbøker - faglitteratur	1301
Vaksenbøker - skjønnlitteratur	3992
Lydbøker for barn	167
Lydbøker for vaksne	42
Film for barn	95
Film for vaksne	95
E-bøker for barn	59
E-bøker for vaksne	150
E-lydbøker for barn	374
E-lydbøker for vaksne	585

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I 2023 var det totalt 30 arrangement på biblioteket, det var tilsaman 929 deltagarar på desse. Sju av arrangementa var for barn og ungdom.

#### Kulturskule

Brutto driftsutgifter til kommunale kulturskoler per elev (kr)	Skjåk	Landet u/Oslo	Innlandet	KOSTRA-gruppe 5
	16.823	28.521	30.223	32.836

Kjelde: KOSTRA/Statistikkbanken 2023

At kostnadene per elev er såpass låg som tabellen over syner, kjem av at kulturskulen er mykje brukt slik at kapasiteten er godt utnytta.

Tabellane under syner oversikt over elevar og talet på elevplassar. Forskjellen kjem av at ein elev kan delta på fleire tilbod.

Elevar		Elevplassar	Elevplassar	Venteliste

Elevar i grunnskulealder	135	Musikkundervisning	150	29
Elevar under grunnskulealder	7	Visuelle kunstfag	21	1
Elevar over grunnskulealder	3	Dans	21	0
<b>Totalt elevtal</b>	<b>145</b>	Karusell kunst	27	0
Lom	68	Totalt plassar	219	30
Skjåk	77		Kortkurs (Babysong)	16
				0

Kjelde: GSI 2024

## Tenesteområda – stoda og framtida

### Barnehage

Det er vedteke at kommunen skal ha to barnehagar i framtida, Dønfoss og Bismo. Økonomiplanen legg opp til at ny barnehage skal stå klar i Bismo i 2026, og at vi skal drive midlertidig barnehage i barnehageåret 2025/2026. Eit nytt barnehagebygg vil både bety at to personale skal slåast saman, men også at drifta og delar av den pedagogiske tankegangen i barnehagen må utviklast vidare. I forprosjektet har pedagogiske prinsipp vore grunnleggande der særleg mangfald har vore lagt vekt på. Det skal vere rom for alle barn på ein naturleg måte i ein barnehage, dette må syne seg både i bygget og i pedagogikken.

Foreldrebetalinga i barnehagane vart halvert frå 1.8.2024. Dette betyr ei halvering i inntekta til barnehagane, men det kan også bety eit auka trykk på barnehageplassar og såleis auka utgifter framover. Meirkostnadene ved dette blir kompensert gjennom rammetilskotet til kommunen.

### Skjåk barne- og ungdomsskule

Dei siste åra har skulen jobba med å ta ned kostnadene. Løn og sosiale kostnader utgjer i hovudsak budsjettet, og såleis har det vorte færre lærarar ved naturleg avgang over år. Ved oppstart hausten 2024 vart det teke ned om lag 2,5 årsverk fagarbeidarar og 1 årsverk lærarar. Når det gjeld fagarbeidarar er dette gjort ved at fleire vart overført til andre tenestestader. Når det gjeld lærarar, vart dette gjort ved at lærarar som er ute i permisjon ikkje har vore erstatta. Desse lærarane vil kome inn att våren og hausten 2025, og det vil da vere naudsynt å gjere nye tiltak. For å kome inn i budsjettetramma vil det måtte takast ned omtrent 1 årsverk lærar frå 1.1.2025, og vidare omtrent 2 frå 1.8.2025. Dette vil truleg bli løyst ved overgang til andre tenester der det er behov, og ved naturleg avgang.

Som ein ser av KOSTRA-tabellen tidlegare, er ein stor del av skulen sine ressursar bundne opp i det som nå heiter individuelt tilrettelagt opplæring (tidlegare spesialundervisning). Dette er stort sett omfattande vedtak, og vi ligg godt over landssnittet på timetal til kvar elev som har vedtak. Vi ynskjer i så stor grad som mogleg å nå elevane gjennom det ordinære tilbodet der ein heller kan førebygge, legge til rette og tilpasse til det beste for heile elevgruppa, i staden for å reparere kring enkeltelevar. Dette betyr likevel ikkje at vi kan avslutte mykje den individuelt tilrettelagte opplæringa som elevane får i dag.

Dette året har tek lærarar spesialpedagogikk gjennom vidareutdanningsordninga Kompetanse for kvalitet, førre året tok ein lærar same utdanninga. Det er eit viktig ledd i kompetansehevinga på skulen at vi styrkar dei ulike stega med spesialpedagogar, for på den måten å få spesialpedagogikken inn i allmennpedagogikken - og altså på sikt få ned enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring. Dette fordrar at grunnbemanninga i klassene er tilstrekkeleg for å møte behova slik at alle elevar kjenner på inkludering i klassa. Det er viktig at skulen har eit handlingsrom her.

Skulen arbeider også med å auke kompetansen på byrjaropplæring. Dette vil vere ei satsing framover i tråd med Agenda Kaupang sine konklusjonar frå hausten 2023. Skulen har inngått eit samarbeid med Nasjonalt senter for skriveopplæring og skrifeforsking (Skrivesenteret) for å bygge kultur gjennom å arbeide med byrjaropplæring.

Elles har skulen dei siste åra arbeidd med tiltak for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for alle. Ein del tiltak er førebyggande, men det blir også brukt ressursar i arbeidet med å trygge elevmiljøet der det er utfordringar. Målet framover må også her vere å bruke ressursar på førebygging.

Når det gjeld SFO har foreldrebetalinga gått kraftig ned i samband med at det frå sentralt hald er lagt føringar for at både 1., 2. og 3. klasse frå hausten 2024 får tolv timer gratis SFO kvar veke. På same tid har talet på barn på SFO auka opp til 51 barn. Også når det gjeld barn som treng individuell tilrettelegging og personleg assistanse i SFO-tida er det aukande behov. Dette gjer at drifta av SFO er til dels ressurskrevjande og er med på å avgrense ressursane skulen kan nytte i den ordinære undervisninga i skuletida. På ei anna side er det eit viktig gode for småbarnsforeldre at vi har ei godt fungerande SFO-ordning der barna bli godt ivaretake før og etter skuletid. Såleis har det ikkje vore ynskjeleg å avgrense talet på plassar på SFO.

Det vil frå 1.1.2025 truleg vere totalt 14 ukrainske elevar ved skulen. Dette krev ressursar til å organisere eige oppstartsklasse for desse elevane. Det blir jobba med å finne løysingar for å ivareta dette på ein god måte.

### *Lom og Skjåk kulturskule*

Lom og Skjåk kulturskule spelar ei sentral rolle i oppveksten til barn og unge. For å nå fleire ynskjer kulturskulen i større grad å organisere undervisninga i grupper, samt å vidareutvikle tilbodet i samarbeid med andre tenester, frivilligheita og innbyggjarane. Grunntanken i dette er å ha ein inkluderande praksis som fremjar fellesskap og trivsel blant barn og unge.

Erfaringar frå Norsk kulturskuleråd sitt utviklingsprosjekt "Fremtidens kulturskole" viser kor viktig det er å byggje heilskaplege kulturtilbod for barn og unge basert på behova i lokalsamfunnet. Kulturskulen i Lom og Skjåk kan dra nytte av liknande modellar for å styrke samarbeid på tvers av tenester og auke tilgangen til kunst- og kulturaktivitetar for barn og unge, som ein del av kommunen sin langsigchte utviklingsstrategi.

### *Flyktningar og vaksenopplæringa*

Skjåk har dei siste åra organisert norskopplæring for framandspråklege for både Lom og Skjåk kommunar,

men Lom kommune har sagt opp denne avtalen med verknad frå 1.8.2025. Dette vil føre med seg at tenesta må gjere endringar, og må ned med i overkant av to årsverk frå og med 1.8.2025. Tenesta vil i tillegg bli teke ned med rundt eit halvt årsverk på etterjulsvinteren. Dette kjem også av at det er usikkert korleis tilfanget av flyktningar vil bli framover. Det har den siste tida vore mellom 40 og 45 elevar ved opplæringa til ei kvar tid, enten i introduksjonsordning eller i norskurs på høgare nivå. Dette talet vil bli vesentleg lågare i 2025.

Dei busette flyktningane har stort sett slege seg til ro i Skjåk. Det å ta imot flyktningar handlar ikkje berre om å ha tilstrekkeleg med bustader, men også om at lokalsamfunnet bidreg til integrering, og at tenestene har kapasitet til å følgje opp. Så langt kan det sjå ut som at vi lykkast med dette, i og med at svært få reiser frå Skjåk.

### *Skjåk folkebibliotek*

Skjåk folkebibliotek har som mål å arbeide vidare med å styrke leselyst og leseglede, samt halde fram med den gode jobben med lesestimulering og formidling til både barn, unge og voksne. Særleg Sommarles for barn har vore særskilt vellukka. I 2024 las barna i Skjåk seg til ein 1. plass i Innlandet og ein 3. plass på landsnivå. Det er også vel å merke seg at Skjåk folkebibliotek er på 14 plass av alle folkebibliotek i Noreg på Norsk kulturindeks for 2023. Dette vitnar om den viktige rolla biblioteket har, også som ein møteplass og arena for kultur, samtale, debatt og samvær. Meirope bibliotek er godt innarbeidd og gjer at brukarane av biblioteket har tilgang til biblioteket sitt lokale og sjølvbetente tenester kl 07:00 – 22:00 kvar dag, heile året.

### *Servicetorget*

Servicetorget har mange ulike oppgåver, både mot publikum, innbyggjarar og besökande, for politikarar og internt for tenester og organisasjonen som heilheit. I tillegg er det her arbeidet med administrering av telefon-løysing, arkiv og post blir gjort i kommunen. Servicetorget har dessutan ansvar for behandling av sjenkeløyver, og servicetorget utfører fleire merkantile oppgåver på vegne av tenester i kommunen.

### *IT-samarbeidet*

Tenesta er eit samarbeid mellom Lom og Skjåk kommunar, det er difor viktig at kommunane i størst mogleg grad er samkøyrd i val av strategiar og løysingar. IT-tenestene er avgjerande for tenestene kommunane produserer, og såleis er god og tett oppfølging av IT-systema våre sentralt.

Det regionale samarbeidet i 6K gjev nokre fordelar, særleg i høve samarbeid om drift av system og fellesløysingar, men også når det gjeld deling av erfaring og kompetanse. Det regionale IT-samarbeidet er sårbart, og arbeidet med drift og sikring av systema i regionen er krevjande. Skjåk har ynskt å få dei andre kommunane med på ei vurdering av å bli del av eit større samarbeid. Skjåk er saman med Lesja i ferd med å gjere ei slik vurdering.

Datasikkerheit er avgjerande for oss på alle plan, og det er viktig kva den enkelte brukar av IT-systema gjer, eller ikkje gjer. Arbeidet med kompetanse og bevisstgjering for sluttbrukarar i kommunen er difor ei viktig oppgåve framover.

## Utfordringar i planperioden

Kommunedirektøren ser at 2025 vil vere eit krevjande år der fleire tenester må gjere endringar for å møte dagens utfordringar, og for å auke effektiviteten og kvaliteten. Gjennom budsjettet står både skulen, vaksenopplæringa og flyktningetenesta framfor ei tilpassing som vil resultere i nedtak av årsverk. På same tid må tenestene møte dei raske samfunnsendringane som mellom anna påverkar oppvekstvilkåra til barn og unge. Vi må arbeide på andre måtar enn før for å legge til rette for at barna nå og i framtida skal meistre denne raskt endra kvardagen. Førebyggande plan for oppvekst gjev føringar for at innsatsen skal vridast inn på mest mogleg førebygging for å unngå reparering i framtida.

Det blir stilt høge krav til kommunen når det gjeld dokumentasjon og tverrfagleg samhandling. Vi har mykje å tene på blant anna å få opp gode digitale samhandlingsløysingar, noko det vil bli jobba vidare med i 2025 på fleire plan i organisasjonen. Her vil det regionale samarbeidet i Innlandet, gjennom Digi-Innlandet, bli viktig for kommunen og tenestene våre for utvikling av gode fellesløysingar.

## Prioriterte satsingar i perioden

Mange av satsingane som alt er i gang vert vidareførast.

- Bygging av ny barnehage i Bismo vil også innebere ei vidareutvikling av barnehagen som ein arena for mangfold i det pedagogiske.
- Førebyggande plan er vedteken og gjev føringar for førebyggande arbeid og tverrfagleg samhandling. Innføring av BTI – Betre tverrfagleg innsats vil ver ein del av dette.
- Skulen skal gjennom sitt samarbeid med Skrivesenteret betre byrjaropplæringa.
- Gjennom tilpassa opplæring innan det ordinære undervisningstilbodet skal fleire elevar oppleve meistring.
- Kulturskulen skal vere ein sentral del av laget rundt barnet.
- Biblioteket skal vidareutviklast som samlingsstad og ein arena for kultur, samtale, debatt og samvær i kommunen.
- Så mange program som mogeleg skal inngå i sky-løysingar, kommunen skal vere i front når det gjeld datatryggleik, robotisering, kunstig intelligens, kontorstøtteverktøy, intern/ekstern kommunikasjon gjennom tale, chat og/eller e-post og virtuelle møterom
- Kommunen skal ha ei framtidsretta organisering av samarbeid om IT-drift.
- Skjåk skal delta i, og fylgje aktivt opp, samarbeidet innafor Digi-Innlandet.

## Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling

### Ansvarsområde



## KOSTRA

Kostra-statistikken har fleire variablar innanfor område miljø- og samfunnsutvikling. Felles for fleire av desse er at det er vanskeleg å samanlikne t.d. tal på byggesaker, vegvedlikehald, vatn og avløp osv. Tala i kostra for Skjåk sin del, blir små i høve t.d. Innlandet og landet utanom Oslo. Tala som ein får ut, er avhengig av kva tal kommunane legg inn i systemet, her er det til dels store variablar. Til tross for dette er kostra eit nyttig verktøy for å samanlikne seg innanfor dei fleste sektorar. I dokumentet under vil ein få nokre aktuelle kostratal frå eininga.

### Teknisk

Tenesta drift har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, bygge- og prosjektleiing, drift og vedlikehald av kommunale bygg, plassar, idrettsanlegg og vegar. Forvaltnings- og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift av flaumsikringanlegg, vatn- og avløpsanlegg samt drift av vaskeriet på Skjåkheimen.

Dei store uværshendingane dei siste åra har sett fokus på handtering av overvatn i samband med flaum og skred. Det er no utført omfattande tiltak for å sikre Skjåk mot framtidige hendingar. Det er difor oppretta eit tenesteområde under ansvarsområde for VA for overvatn der mellom anna drift og vedlikehald av flaumsikringsanlegget og skredvollane i Skei vil gå inn saman med dei andre overvassinstallasjonane i Skjåk. Flaumsikringsanlegget i Bismo vart ferdigstilt i 2024. Det består av flaumvoll med skråningar, turveg og belysning, tre pumpestasjonar med til saman ni store pumper og styringssystem, samt inntakskonstruksjonen for Fjuken og den nye pumpestasjonen ved Skjåkheimen. Alt dette skal vedlikehaldast og haldast driftsklart til ei eventuell flaum- eller skredhending. Utbetring av skredvollane i Skei med steinspranggjerde, masseuttak og høgding av vollane er under planlegging. Det er foreløpig ikkje klart kva arbeidsomfanget av det ekstra vedlikehaldet vil bli.

Det er viktig å presisere at ein stor del av auka i budsjettet for teknisk består av avskrivningar. Som følgje av investeringane i m.a. Skjåkhallen i 2024 aukar desse med ca. 3 millionar i 2025. Grunnen er at investeringsverdien av denne investeringa skal skrivast ned fordelt på 40 år.

Avskriving av verdi på bygg er ein regnskapsmessig praksis der verdien av eit bygg over tid reduseres i regnskapsbøkene. Dette blir gjort for å gjenspeile den faktiske nedgangen i verdien til bygget.

Utgiftsauke utover avskrivningar er følgje av lønsauke og prisstigning på varer og tenester som leigast eller kjøpast inn.

### *Reinhald*

Reinhald av kommunale bygg utgjer om lag 16 000 m<sup>2</sup> golvareal. Vaskeriet på Skjåkheimen har ansvar for vask av klede frå institusjon, frå bebuarar i omsorgsbustadar og heimebuande med behov for omsorg. Tenesta utgjer 10,0 årsverk fordelt på 12 stillingar.

### *Bygg og eigedom*

Den kommunale bygningsmassen utgjer om lag 22 000 m<sup>2</sup>. Vaktmeistrane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg med tilhøyrande utomhusanlegg, samt parkar og plassar i Bismo. Vaktmeistertenesta utgjer 5,7 årsverk fordelt på 6 stillingar. Det er ikkje vaktmeisterteneste dedikert til kommunale utleigebustadar.

Ein del av den kommunale bygningsmassen er relativt gammal, og det trengst gradvis meir vedlikehald. For nokon av bygga har dei tekniske anlegga si levetid vorte oppbrukt. Som følgje av det, har fleire av bygningane svært høgt energiforbruk. Bygga ser greie ut på innsida og utsida men dei tekniske anlegga er oppbrukte og utdaterte. Fleire av bygga har og dårlig lydisolasjon mellom romma og har heller ikkje dei sikkerheitsmekanismane nye bygg skal ha. Bygga er bygd for ei anna tid.

Det kan og nevnast at taket på Skjåkhallen er 45 år og må skiftast i nær framtid.

Kommunehuset har vore gjennom mange fasar med ombygging og utviding av varme- og ventilasjonsanlegget sidan bygget var nytt. Bygget har svært høgt energiforbruk og det er eit stort innsparingspotensiale i å få varme og ventilasjon til å fungere meir heilheitleg. På fleire av areala er det ei utfordring med å fylle konkrete krav til innetemperatur og luftkvalitet.

Symje- og garderobeanlegget i Skjåkhallen gjennomgår no omfattande renovering og ombygging. Dagens 25 meters basseng er snart renovert og midtbygget med garderobar blir heilt nytt. Det blir og bygd eit terapibasseng i eit nytt tilbygg til symjehallen. Heile det tekniske anlegget med ventilasjon, VVS- og bassengtekniske installasjonar skal fornyast og det er venta store energiøkonomiske forbeteringar. For å kome nye personvernkrav i møte vil alle dusjar ha eigne avlukke med dør. Dette vil gjere reinhaldet i garderobeanlegget meir tidkrevande og saman med reinhald av terapibassengbygget vil dette gje eit auka behov for reinhaldsressursar i idrettshallen frå første tertial av 2025. Noko av behovet blir dekkja ved innføring av automatisk reinhald i idrettshallen. Det er budsjettert for 4 åpningsdagar i symjehallen, og det er behov for to badevakter. Det er i gang ein ansettelsesprosess. Det er planlagt ein prøvedriftsperiode på 6 månader der m.a. åpningstidene skal evaluerast.

Det er høgt press på utleigemarknaden i Skjåk grunna flyktning situasjonen. Både den kommunale og den private delen av marknaden er heilt på kapasitetsgrensa. Dette har ført til at planar om sal av eldre kommunale utleigebustader har vorte satt på vent, men på sikt vil det vere fornuftig å selje ein del av dei eldre kommunale utleigeboligane i den opne marknaden. Den fortsatte bruken av gamle bustader og høg utskifting av bebuarar har ført til auka vedlikehalds- og reparasjonskostnadene. Det pågår arbeid med å

utvikle nye bustadformer tilpassa nye grupper innbyggjarar. Kommunen er i dialog med Husbanken for å utvikle modellar for framtidig bamiljø i Skjåk.

#### *Veg, vatn og avløp (VVA)*

Driftsoperatørane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg. Det er totalt 6 kommunale reinseanlegg og 6 kommunale vassverk. I tillegg er det eit infiltrasjonsanlegg (avløp) ved Marlo som blir drifta av Skjåk kommune. I tenesta inngår driftspersonell til drift og vedlikehald av kommunale vregar, bruer og gateljosanlegg. Vintervedlikehald av vregar (snøbrøyting og strøing) er sett bort til lokale entreprenørar. Tenesta utgjer 3,5 årsverk fordelt på 4 stillingar. I 2024 vil det bli oppretta ny teneste for overvatn som skal drifte flaumforbygginga, rasvollar og anna overvatn til kommunens eigendommar. Denne tenesta vil utgjere ca. 0,4 årsverk i framtida.

Kommunen har relativt høge kostnadene til avløpstenestene. Årsgebyret er om lag 40,5 % høgare enn ein kostragruppe 5 trass i at kommunens sjølvkostgrad er lågare enn normalt. Dette heng saman med at kommunen har eit relativt nytt reinseanlegg som skal avskrivast likt over 40 år. For utgifter til vassforsyning er kommunen om lag 23 % lågare enn kommunane i kostragruppe 5. Kommunale gebyr for vatn og avløp blir endra oppsett etter ny forskrift for vass og avløpsgebyr for Skjåk kommune vedteke av kommunestyret i 2022, for vatn og avløp vil gebyra auke med ca 23% i 2024. For septikrenovasjon er det ein auke på ca. 11 % i kommunale avgifter.

#### *Teknisk vakt*

Vakta er primært oppretta for å ta imot alarmar frå vatn- og avlaupsanlegg utanom ordinær arbeidstid. I tillegg tek vakta mot akuttoppdag utanom ordinær arbeidstid frå kommunale vregar, kommunale bygg og anlegg, samt til å ta i mot alarmar frå brann og innbrot.

Vaktstyrken er samansett av 2 driftsoperatørar frå VA-sektoren og 3 vaktmeistrar frå kommunale bygg og anlegg.

Teknisk vakt er og ein viktig ressurs i beredskapsarbeidet og krisehandteringa og spesielt ved naturhendingar. Dette fekk vi bekrefta under uværet "Hans". Under denne hendinga fekk vi dokumentert kor viktig det er med ein aktiv uteressurs i fortløpende kontakt med kriseleninga. I eit tett samarbeid blei mange oppgåver løyst på en rask og god måte.

Utfordringa med teknisk vakt er at det kanaliserer mykje avpassering som gjer at vaktmestergjengen har betydeleg lågare kapasitet til andre oppdrag.

### Tal frå Eiendomsforvaltninga

Nøkkeltal	Eining	Skjåk	Kostragr. 5	Landet utan Oslo
År		2023	2023	2023
Areal på formålsbygg per innbyggjar	m <sup>2</sup>	<b>9,06</b>	<b>7,38</b>	5,10
Utgifter til vedlikehald per kvadratmeter	kr	84	117	111
Utgifter til driftsaktivitetar per kvadratmeter	kr	695	726	741
Herav utgifter til reinhald per kvadratmeter	kr	189	175	185
Herav energikostnad per kvadratmeter	kr	<b>143</b>	<b>163</b>	168

### Klima og energi

Nøkkeltal	Eining	Skjåk	Kostragr. 5	Landet utan Oslo
		2022	2022	2022
Energiutgifter som andel av brutto driftsutgifter (prosent)	%	0,87	0,83	0,77
Andel av energikostnad i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning brukta på fornybare energikilder (prosent)	%	100	97,4	96,3
Energibruk per m <sup>2</sup> eid areal	kWh	<b>224</b>	<b>175</b>	147
Andel elektrisitetsforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, eigne bygg (prosent)	%	82	86	82
Andel fornybarforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, eigne bygg (prosent)	%	100	98	96

### Plan, byggesak, miljø

Felleskontor for plan, byggesak og miljø for Lom og Skjåk vart formelt i drift frå årsskiftet 2018-2019. Lom kommune er vertskommune for tenestene plan, byggesak og miljø. Dei tilsette har til dagleg kontor i Lom, men har også kontordagar i Skjåk. Felleskontoret for plan, byggesak og miljø har tett kontakt med andre fagmiljø som til dømes landbrukskontoret, vatn og avlaup og brannvesenet i saker av felles relevans og interesse. Kompetanseheving på forvaltning av mindre vass- og avlaupsanlegg har vore ei prioritert oppgåve i seinare tid.

Det er også organisering av tilsyn på slike anlegg og på byggesaker, det blir arbeidd for å få på plass ei ordning som erstattar den tidlegare avtalen med Vågå kommune om slikt tilsyn.

### Kommuneplanar og reguleringsplanar

Kommuneplanens arealdel er av ny dato (2021), medan samfunnsdelen vart vedteken i 2018. Framlegg til ny planstrategi for kommunen har vore på høyring hausten 2024. Der er det mellom anna foreslått at samfunnsdelen til kommuneplanen skal reviderast i den komande fireårsperioden. I 2024 har det vore

arbeidd med master- og tiltaksplan for Bismo, som bygger på mogelegheitsstudiet som vart gjennomført i 2023. Resultatet frå dette skal ligge til grunn når kommunen skal starte arbeidet med ny reguleringsplan for Bismo.

Kartlegging av naturfarer er eit viktig arbeidsområde for kommunen. Slike kartleggingar er naudsynte for planlegging og gjennomføring av enkelttiltak, men også som grunnlag for naudsynte sikringsarbeid og for arbeidet med reguleringsplan. I 2024 har det vore gjennomført detaljprosjeftering av tiltak på skredvollane ved Skei I og Skei III for å sikre at kravet om sikkerheit for skred i TEK 17 er oppfylt for alle bustader her. Arbeidet med oppgradering av skredvollane er planlagt gjennomført 1. halvår 2025.

#### Tal frå Plan, byggjesak, miljø

#### Gebrysatser for byggesøknader, oppretting og endring av eiendommer

	Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr)		Gebyr for opprettelse av grunneiendom (kr)		Gebyr for privat forslag til reguleringsplan (kr)	
	2022	2023	2022	2023	2022	2023
EAKUO Landet uten Oslo	16612	17228	20426	21155	89878	96762
KOSTRA-gruppe 2	14134	17323	20560	21984	62413	73942
Skjåk	5360	5630	17680	18560	10300	10650

13434: KOSTRA-nøkkeltall for plan- og byggesaksbehandling, etter region, statistikkvariabel og år

	Behandlede byggesøknader med 12 ukers frist (antall)	Behandlede byggesøknader med 3 ukers frist (antall)	Kommunens gjennomsnittlige saksbehandlingstid for byggesøknader med 12 ukers frist (dager)	Kommunens gjennomsnittlige saksbehandlingstid for byggesøknader med 3 ukers frist (dager)
	2023	2023	2023	2023
EAKUO Landet uten Oslo	27123	31702	38	19
KOSTRA-gruppe 2	701	978	39	18
Skjåk	24	16	7	6

Statistikk for gebyr i plan- og byggesaksbehandling. KOSTRA-gruppe 2 er kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, låge bundne kostnadar og middels frie disponible inntekter per innbyggjar. Kjelde: SSB.

## Næring

Innanfor næringsområdet har det vore lagt ned eit omfattande arbeid siste året. Næringskontoret har behandla mange søknadar til næringsfondet. Det har også vore mange oppgåver og aktivitetar som har vore gjennomført. Stillings- og lærlingesleppet er ein godt etablert aktivitet i regionen som blir gjennomført i februar kvart år. Som ein del av ein felles arbeidsregion i Nord-Gudbrandsdalen er det viktig at vi tek del i denne satsinga. Det er naturleg at ein ser dette i samanheng med Sats på Skjåk og arbeidet som blir gjort for å møte utfordringane vi har med demografi og rekruttering av arbeidskraft.

Næringskontoret har med bistand frå Skåppå gjennomført eit forstudie for Masterplan Reiseliv for reiselivs- og opplevingsbedrifter i Skjåk. Bakgrunnen for dette er ein prosess som vart starta av kommunestyret i 2022, der ein bestilte ei evaluering av destinasjonssamarbeidet med Nasjonalparkriket Reiseliv AS. Det vart vedteke å sette i gang ein meir grundig prosess for næringa og aktørane med målsetting om å sjå nærrare på kva ein kan få til lokalt i Skjåk med felles grunnlag og samarbeid i reiselivet. Forstudiet har hatt to samlingar; ei i mai og ei i september, med spørjeundersøkingar og dialog med næringsaktørar mellom desse samlingane. Det har vore god oppslutning på samlingane, og det er etablert ein arena for gode diskusjonar som har donna eit godt grunnlag for vidare arbeid framover. Strategiar for vidare prosess er allereie under drøfting, og dette arbeidet vil bli vidareført og følgd tett opp frå næringskontoret i det komande året.

I fyrste kvartal 2024 vart det sett i gang eit arbeid med revidering av næringsfondsvedtekten. Det er formannskapet og hovudutval for miljø og samfunnsutvikling som har delteke i dette arbeidet. Skjåk er i ei særstilling når det gjeld moglegheitsrommet ein har med næringsfondet. Med dei utfordringane vi står overfor med tanke på demografi, rekruttering og klima, er det hensiktsmessig å sjå på om gjeldande vedtekter gjev dei effektane ein ønsker. Samtidig må ein vurdere korleis fondet bør innrettast i åra som kjem gitt dei samfunnsmessige endringane vi står overfor. Revideringsarbeidet vil vere sentralt også i fyrste halvdel av 2025.

## "Sats på Skjåk"

Gjennom søknad til Husbanken, fekk vi i 2023 kr 760 000,- frå tilskotsordninga "Bustadtiltak i distrikta". Desse midlane vart til prosjektet "Sats på Skjåk", -eit "bu- og blilystprosjekt" som vi har arbeidd med i heile 2024. I starten av januar sto prøvebustadane klare, og i midten av januar fløtte første par inn. Det har vorte utarbeidd ei heilheitleg ordning rundt prøvebustadane, og vi har vore offensive i kommunikasjon og marknadsføring for å spreie ordninga. Innan juli var alle fire prøvebustadane fylde, noko som har bidrege med 9 nye innbyggjarar i Skjåk.

I mars arrangerte vi i samarbeid med Distriktsentret arbeidsverkstadar med tema "korleis kan vi skape bu- og blilyst i Skjåk". Vi arrangerte eit arbeidsverkstad for politikarar, og eitt eige for næringsliv, lag- og foreiningar og innbyggjarar. Det var stor oppslutnad rundt den opne arbeidsverkstaden for innbyggjarane med mellom 40-50 frammøtte. Det var gode diskusjonar, og vi fekk mange konstruktive innspel å arbeide vidare med. Vidare har vi jobba med å få på plass ei tilfløttarteneste, der vi har hatt kontinuerlege møter med næringslivet for utarbeiding av denne. I 2024 har vi bistått om lag 20 nytifløtte Skjåkvervarar. Det har også vore jobba med å få på plass ei integreringsordning for flyktningar. Marknadsføring og Skjåk si synlegheit i sosiale media har vore i fokus. Nettsida [www.skjak.no](http://www.skjak.no) har vorte bygd om til ei tilfløttarside. Her har vi også fått på plass ei kalenderordning for å synleggjera alle tilbod og aktivitetar som finst i Skjåk. Det å synleggjera kvardagen i Skjåk har vore i fokus gjennom sosiale media. Vi har laga filmsnuttar for å vise "kvardagsglimt" frå Skjåk. Den eine filmsnutten har vorte delt 135 gonger og sett 60 000 gongar,- så desse syner å ha god spreiingseffekt.

I "Sats på Skjåk" har vi i sommar hatt ein "intern" gjennom ordninga "Internship Gudbrandsdalen" som bidrog med utarbeiding av marknadsstrategi og produksjon til marknadsføring.

"Sats på Skjåk" er eit nyskapande prosjekt, der vegen har vorte til under vegs. Arbeid med bu- og blilyst er langsigttig arbeid, -dette er berre starten. Vi har fått bevilga 1 000 000kr frå Husbanken til å vidareføre prosjektet i 2025. Eitt av kriteria for støtta er at prosjektet skal ha spreiingseffekt til andre kommunar mtp. erfaringar vi ha gjort oss. Under vegs i prosjektet har vi vore i kontakt med fleire kommunar.


## Landbruk

Landbruksnæringa har stor betydning for lokalsamfunnet i Skjåk når det gjeld sysselsetting, busetting og verdiskaping. I 2022 var verdiskapinga frå primærlandbruket på 93 millionar kroner<sup>[1]</sup>. Samla verdiskaping frå landbruk og landbruksbasert industri var på totalt 140 millionar kroner<sup>[2]</sup>. Tal på sysselsette i landbruk og landbruksbasert industri utgjorde 20 % av samla sysselsetting i Skjåk i 2022<sup>[3]</sup>.


Kjelde: Landbruksdirektoratet (1)

Kjelde: Landbruksdirektoratet (2-3)

Utvikling i talet på jordbruksføretak 2003 - 2023



Utvikling i tal føretak fordelt på husdyrslag 2003 - 2023



Mange av gardane i Skjåk nyttar dei store utmarksområda i kommunen som fôrressurs. Sommaren 2024 var det 1 622 storfe, 4 606 sauar, 867 geiter og 60 hestar som gjekk på utmarksbeite. Talet storfe er stabilt, geit har auka med rundt 200 dyr, medan det på sau er ein nedgang på ca. 200 dyr. Det er knytt utfordringar til beiting i utmark. I Skjåk har tap av sau til rovdyr vore eit problem over mange år. Fleire besetningar har lammetap frå 20 til over 90%. I Skjåk var det i vinter registrert 3 ynglingar av jerv, 2 i Breheimen og 1 i Reinheimen. Tapa strekkjer seg over alle beiteområde både på nord og sør, med størst tap på sørsida i 2024. Sauenæringa i Skjåk er ved eit kritisk punkt for vidare eksistens.

Totalt er det eit tap på om lag 531 lam og 26 søyter i 2024, noko som gjev eit samla totaltap på over 12% for kommunen. Rovdyrbelastninga gjev betydelege ressursbehov på personell i hovudsak tilhøyrande landbrukskontoret, og dette går tidvis sterkt utover anna arbeid. I beitesesongen 2024, som i 2023, har ein vore på smertegrensa meir eller mindre heile beitesesongen. Dette gjev svært stor sårbarheit på personressursar.

Prosjektet "Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmark" er eit interkommunalt prosjekt med Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og Dovre som deltagande kommunar. Prosjektet arbeider med områda lisensfelling, skadefelling og førebyggjande arbeid med målsetting om å redusere konfliktnivået og få lågare tap til freda rovvilt. Landbrukskontoret har prosjektleiaransvaret. Det blir arbeidd breitt med ulike tiltak knytt til dei tre innsatsområda. Landbrukskontoret har og oppretta ein eigen vakttelefon i beitesesongen, operativ frå 15. juni – 15. september.

Gjennom satsinga "Trygg hafeille" har vi stimulert til rydding av piggtråd og gamle gjerderestar i inn- og utmark. I løpet av 2024 er det samla inn 10 630 meter med nettinggjerde og 3 302 meter med piggtråd i Lom og Skjåk. Fordelinga er nokså lik mellom dei to kommunane. Budsjettet for 2024 på kr 280 000 vart brukt opp på relativt kort tid, og stimuleringstilskotet har utan tvil hatt ein effekt. Om lag 90 % av kostnadane vart finansiert med midlar frå Norges Bondelag og Gjensidiges Bærekraftfond.

Landbrukskontoret har som mål å vidareføre denne ordninga i 2025.

Landbrukskontoret har i 2024 hatt koordineringsansvar for arbeidet med Plan for klima- og miljøsmart landbruk i Gudbrandsdalen. Denne planen er eitt av tiltaka i handlingsplanen for Gudbrandsdalen 2030 som alle kommunane i Gudbrandsdalen har slutta seg til. Målsettinga med tiltaket er at jordbruket i Gudbrandsdalen skal ha ein berekraftig og klimanøytral produksjon i 2030. Prosjektgruppa består av representantar frå dei 6 landbrukskontora i Gudbrandsdalen. Planen skal vedtakast i fyrste halvdel av 2025.

I 2024 har det vore ein positiv trend med generasjonsskifte på gardar i Skjåk, noko som er svært viktig for næringa. Landbruket i Skjåk er under press som følgje av rovdyrproblematikk og generelt høg arbeidsbelastning blant næringsutøvarane. Ser ein litt fram i tid så kan lausdriftskravet som trer i kraft i 2034 ha store konsekvensar for mjølkeproduksjonen. Kommunen må derfor fortløpende vurdere tiltak for å oppretthalde bruksstrukturen og produksjonsgrunnlaget, og støtte opp om dei unge som vel å satse aktivt i landbruket.

[1] <https://www.innlandsstatistikk.no/naringsliv/landbruk/>

[2] <https://www.innlandsstatistikk.no/naringsliv/landbruk/>

[3] <https://www.innlandsstatistikk.no/naringsliv/landbruk/>

## Skog

Vågå kommune sa opp vertskommunesamarbeidet med Lom og Skjåk 1.mars 2022. I ettertida blei skog innlemma i vertskommuneavtale for landbrukskontoret i Lom og Skjåk som Skjåk er vertskommune for. Det er stor variasjon i avverkinga frå år til år. I 2023 blei det avverka 15.000 m<sup>3</sup> i Skjåk, med relativt stor avverking utanom Skjåk Almenning. I 2024 er det per 31.10 avverka 9.000 m<sup>3</sup>, der det meste er avverka i


Skjåk Almenning. Blant anna blei det gjennomført ei kabeldrift i Heggebottlia. I forbindelse med kabeldrifta blei det også bygd ein ny veg med snuplass. Det har vore eit fokusområde for å få til auka fokus på skogsdrift sett opp i mot naturfarar. "Prosjekt skogsatsing" starta opp i 2024, med ein tilsett prosjektleiar i 60% stilling. Vågå kommune har arbeidsgjevaransvaret og prosjektet er finansiert med eksterne midlar. I løpet av 2025 kjem ny vernskogforskrift. Her vil vi få til kompetanseheving i samarbeid med nabokommunane for å få til felles rutinar i behandling av vernskogsakar

## Kultur

Kultur er limet i eit lokalsamfunn. Kultur er knytt til identitet, om det er forfattarskap, mat, byggeskikk eller musikk – så er det viktig for å seie noko om identiteten til skjåkværen.

Oppgåver lagt til kultur har stor spennvidde, som sakshandsaming av kulturmidlar og prosjektmidlar, spelemiddelordninga, administrere faste og meir spontane kulturtiltak/-arrangement som 17. mai og kulturvelden, Skjåkpris og kulturstipend, den kulturelle spaserstokken, kontakt ut til lag og foreiningar, museum, kulturminnevernarbeid, planarbeid med meir. I tillegg deltek kultur i eit 6K-samarbeid på den kulturelle spaserstokken. Kulturkonsulenten organiserer spelemiddelsøknader og har ansvar for kommunale søknadar i forbindelse med prosjekt. Det er oppretta eit nærrare og fruktbart samarbeid med biblioteket. Frå 1.september har kulturkonsulenten vore engasjert på biblioteket i 50 % stilling for å dekke eit stort behov der.

13135: Utvalgte nøkkeltall for kultur, etter region. Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr), 2023.



## Naturforvaltning

Skjåk kommune er ein viktig aktør i forvaltninga av naturen. Ved utøving av offentleg mynde skal det alltid gjerast vurderingar etter naturmangfaldlova i samsvar med kva verknad det har på naturen.

Kommuneplanen gir viktige føringar for korleis landskapsutviklinga kan gå føre seg. For å kunne forvalte naturen på ein bra måte er ein avhengig av god oversikt over naturtypar, artar og samspelet mellom desse. I Skjåk har vi samla inn mykje kunnskap om naturen gjennom kartlegging. Mange av desse opplysningane er samla på kart. Desse kan ein sjå i mellom anna *naturbasa* og *artskart*. Vi har to store verneområde i Skjåk, Reinheimen nasjonalpark i nord og Breheimen nasjonalpark i sør. Desse blir forvalta av kvart sitt nasjonalparkstyre. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for skjøtsel og oppsyn i nasjonalparkane. SNO-Skjåk er lokalisert hos Skjåk Utmarkssenter v/Skjåk Almenning. Skjåk Almenning dekkjer eit landareal på i alt om lag 2 millionar dekar, og eigedomen utgjer 95 % av arealet i Skjåk kommune.

Lom kommune kjøper gjennom felleskontor for plan, byggesak og miljø inn ein 30 % ressurs på miljø/naturforvaltning frå Skjåk kommune.

## Vassdragsforvaltning

Flaumvollen er nå ferdigstilt og vil verne oss mot flaum i åra som kjem. Det einaste som manglar nå annskaffe aggregat til dei tre pumpestasjonane som driftar avløps systema under og bak flaumvollen (grunnvatnet) Slik det ser ut så er prosjektet gjennomført godt innafor ramma som blei sett.

Tiltaket ved Billingen seterpensionat blei og ferdigstilt våren 2024 innafor kostnadsramma. Dette gikk på å reparere steinmur oppstrøms gamlebrua på Billingen.

## Renovasjon

Gebyr til renovasjon vil auke med 29 % for 2025 på grunn av auka kostnader i NGR over tid. Dette har medført at tenesta har hatt eit meirforbruk tidlegare år som må dekkast inn i løpet av ei 5 årsperiode. Tenesta skal vera til sjølvkost og kostnadane må derfor dekkast inn i si heilheit. NGR er eit selskap i 6K regi og styrt av eit representantskap og såleis utanfor det administrasjonane kan påverke i særleg grad.

	Husholdningsavfall per årsinnbygger (kg)			
	2020	2021	2022	2023
3431 Dovre	444	654	416	385
3432 Lesja	444	649	409	384
3433 Skjåk	445	660	414	385
3434 Lom	444	649	408	383
3435 Vågå	445	647	413	383
3437 Sel	444	658	413	384

## Kommunikasjon

Skjåk kommune er i prosessen med å oppgradere heimesida for å sikre at dei digitale løysingane møter dagens og framtidas krav til universell utforming. Ei moderne og tilgjengeleg heimeside er avgjerande for at alle innbyggjarar skal kunne få tilgang til informasjon og tenester på ein enkel og inkluderande måte. Dette styrkar Skjåk kommune sitt omdømme og bidreg til eit meir inkluderande samfunn. Oppgraderingar bidreg også til meir effektiv kommunikasjon og betre brukaroppleving for innbyggjarane.

Ein overordna informasjon- og kommunikasjonsstrategi er sett i gang i 2024, der Skjåk kommune fokuserer på meir tydelegheit og openheit, internt og mot publikum, slik at informasjonen er lettare tilgjengeleg og meir forståeleg for alle innbyggjarane.

Det er avgjerande for Skjåk kommune å bygge tillit og skape engasjement i lokalsamfunnet.

Kommunikasjonen må tilpassast ulike målgrupper ved bruk av relevante kanalar og skreddarsydde bodskap som treff deira behov. Her blir det viktigare å skreddarsy informasjon og bodskap til gjevne grupper gjennom gjevne medium. Det er og blir viktigare å leggje til rette for auka tovegs kommunikasjon for å sikre at alle innbyggjarar har moglegheit til å gje tilbakemeldingar og delta aktivt i samfunnsutviklinga.

Digitale løysingar bør utnyttast meir for effektiv distribusjon av informasjon. Visuell kommunikasjon gjennom bruk av «øyremerka» bilete, videoar og grafikk kan forsterke bodskapa og gjere dei meir forståelege. Digitale løysingar bør utnyttast meir for effektiv distribusjon av informasjon, inkludert bruk av betalte annonser i sosiale medium. Betalte annonser er eit kraftfullt verkemiddel for å sikre at bodskapa når ut til målretta grupper og aukar synlegheita til kommunen sine initiativ. Ved å bruke betalte annonser i sosiale media som Facebook, Instagram, Snapchat, kan kommunen nå fleire alders- og interessegrupper, samt tilpasse innhaldet for å treffe spesifikke behov og preferansar.

Dette gir også moglegheita for betre dataanalyse og innsikt i kva som fungerer for Skjåk kommune, slik at ein kan justere og optimalisere det vidare informasjons- og kommunikasjonsarbeidet

## Beredskap

### *Brannvesen*

I kostra statistikk for Brann og ulukkesvern er Skjåk oppført med brutto driftsutgifter til førebygging og beredskap på 5.353.000 kroner. Tilsvarande tal for Lom er 3.643.000 kroner. Desse tala er langt høgare enn brannvesenet sine reelle utgifter. Rekneskap for brannvesenet for 2023 syner brutto driftsutgifter på 6.925.234 kroner, noko som tilsvarar 1574 kroner pr. innbyggjar i kommunane Lom og Skjåk. Til samanlikning viser Kostra tala at brutto driftsugifter til førebygging og beredskap elles i regionen ligg frå 2085 kroner pr. innbyggjar i Vågå til 4851 kroner pr. innbyggjar på Dovre. Ulik praksis for Kostra

rapportering gjer at desse tala ikkje egna for samanlikning. Kostra tal for alle norske kommunar syner eit gjennomsnitt på 1536 kroner pr. innbyggjar.

Tal frå brann og ulykkesvern:

	Skjåk [kr]	Kostra.gr. 5 [kr]	Noreg u/Oslo [kr]	Heile Noreg [kr]
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar, Førebygging og beredskap mot brann og ulukker	1574	2519	1609	1536

I Skjåk er det 0,65 årsverk på brann og ulukkesvern pr. 1000 innbyggjarar. Dette er noko under landsgjennomsnittet som ligg på 0,70 årsverk pr. 1000 innbyggjar. I vårt distrikt varierar antal årsverk frå 2,21 pr. 1000 innbyggjar i Lesja og Dovre til 0,25 pr. 1000 innbyggjar i Vågå.

Etter "Brann- og eksplosjonsvernlova" skal brannvesenet vera innsatsstyrke ved brann og ved andre akutte ulykker der det er bestemt med grunnlag i kommunas risiko- og sårbarheitsanalyse. Etter "brann og redningsvesenforskrifta", gjeldande frå 1. mars 2022, er brannvesenet og pålagt beredskap for overflatedredning. Delar av utstyr og opplæring for dette er på plass. Brannvesenet har over fleire år vorte tillagt nye oppgåver, som helseoppdrag og politioppgåver. Kommunane har ikkje fått auka budsjett til kursing, utstyr og utføring av dei nye oppgåvene. Antal utrykkingar har auka jamt over fleire år.

### Vaktordninga

Brannvesenet har felles vakt på utrykkingsleiar i Lom og Skjåk. Mannskapa har ikkje vakt utanom høgtider. Mannskapa rykker ut ved hendingar når alarmen blir utløyst. Brannvesenet deltek med to personar i felles overordna vakt med dei andre kommunane i Ottadalen. Brannvesenet er utstyrt og har kompetanse for å kunne takle akutte hendingar.

### Kommunal beredskap

Kommunane må i tida framover førebu seg på å prioritere beredskapsarbeid høgt. Det gjeld både innan profesjonalitet, kompetanse og tid avsett til slikt arbeid. Kommunen må som følge av klimaendringar vere førebudd på naturhendingar som flaum, ras, vindskadar og andre hendingar knytt til ekstremvær. I kommunen sitt arbeid på plan, byggesak og miljø arbeider ein med konsekvensutgreiingar og ROS-analyser der naturfare tilseier at dette må gjerast.

Kommunen sin overordna beredskapsplan vart oppdatert våren 2020, det same vert plan for helsemessig og sosial beredskap. Erfaringa med flaumen i 2018 og koronapandemien viser at beredskap ikkje kan knytast til berre ei organisatorisk eining i kommunen, det er eit ansvar for heile kommuneadministrasjonen.

Stillinga som beredskapskoordinator har frå 2020 tilhørt felleskontor for plan, byggesak og miljø. Kommunestyra i Skjåk og Lom vedtok våren 2022 å oppheve vertskommuneavtala om felles beredskapskoordinator, og rolla som beredskapskoordinator skal nå leggast til Lom og Skjåk Brannvesen i ei 20 % Stilling. Brannvesenet stadfesta 1.11.2022 dette. I november 2023 vart ny organisering av Lom og Skjåk brannvesen vedteke av kommunestyra for begge kommunane. Vedtaket blei etter §20-3 eit vertskommunesamarbeid med ei felles folkevald nemnd. Beredskapskoordinatorrolla er noko ein må sjå nærare på i forlenginga av ny organisering.

Nord-Gudbrandsdalsregionen har felles overordna risiko- og sårbarheits-analyse (ROS-analyse). Denne gjekk ut i 2019, og skal rullerast for ei ny fireårsperiode. Grunna koronapandemien har det tidlegare ikkje vore mogleg å få sett av nok kapasitet til dette i regionen. Dette arbeidet må prioriterast i 2025. Lom og Skjåk kommune må sjå på moglegheitene vor å ha felles overordna ROS analyse.

## Prosjektleiing

I Eininga ligg eit ansvar med prosjektleiing av forskjellige prosjekt og siste året har det vore svært mykje prosjektarbeid. Dette er eit motiverande arbeid for dei fleste, samtidig tek det mykje tid i alle tenester. Eit prosjekt krev som oftast betydeleg tverrsektoriell samhandling slik at ein får med seg "alle detaljene" i planlegginga, prosjekteringa og bygginga. Eit prosjekt handlar ofte om mange involverte i ulike faser slik som brukarar, ansatte, tillitsvalte, råd og utval, frivillige organisasjonar, arbeidstilsynet, mattilsynet, byggesak, tekniske anlegg, vedlikehald, fdvu mfl.

I 2024 har administrasjonen vore heilt i grenseland for tåleevne med prosjekta oppå dei daglege oppgavane som skal gjerast. Det er fleire gonger vore registrert at vi blir hengande etter innanfor enkelte oppgåver fordi noko anna måtte bli prioritert. Det er ein stillingsressurs på 60% som ivaretok Skjåkhall-prosjektet og bistår med deloppgåver i andre prosjekt. Fordelane med å ivareta prosjektet sjølve innanfor eigen sektor er meir eigarskap og ei betre grensesnitthandtering, ulempen er belastninga. I nokre av prosjekta nyttar ein innleie av eksternt byggherreombud. Då klarar ein å handtere både grensesnitt og utfordrande diskusjonar rundt prosjekta slik som tillegg og frådrag som nokre gonger kan vere svært krevjande å vurdere for den som sjeldan er inne i slike saker.

Innafor miljø- og samfunnsutvikling har vi gjennomført eit løft på anskaffingar innafor vårt område og er nå i stand til både lovmessig og systemmessig å gjennomføre gode anskaffingar. Dette er viktig mtp. at ei anskaffing kan påverke driftsutgiftane i mange år/tiår. Dette kan vere energiforbruk, styringar, vedlikehald, levetid mfl.

## Utfordringar i planperioden

- Den demografiske utviklinga i kommune må ha eit hovedfokus og mykje av det vi gjer må handle om dette.
- Sikre tilstrekkeleg kompetanse.
- Behalde kompetansen gjennom utvikling av kvar enkelt.
- Bidra til å oppretthalde eit livskraftig og mangfaldig næringsliv – leggje til rette for nye verksemder og at eksisterande blir verande samt arbeide med rekruttering og busetnad.
- Få på plass nye attraktive næringsareal i tråd med kommuneplanens arealdel.
- Få på plass fleire boligtomter for ulike boligtyper.
- Ha eit landbruksfokus innanfor alle utfordringsspekter landbruket står i nå.
- Jobbe strategisk og med konkrete tiltak for at utmarksbeiteressursen kan bestå i framtida.
- I større grad nytte digitalisering innanfor saksbehandling, samhandling, styringssystema, dokumentasjon-systema.
- Klima-utfordringar med ekstremregn, vind, tørke, flaum og ras. Klima- og miljøplanen er eit verktøy her.

## Prioriterte satsingar i perioden

- Utvikle eininga gjennom strategisk arbeid og planverk over tid.
- Sikre gode prosesser med planer innanfor området.
- Utvikle konseptet rundt rekrutteringsbustadane.
- Revidering av reguleringsplan Bismo sentrum.
- Revidering av reguleringsplanverk næringsområde Bismo.
- Hovudplan for kommunal bygningsmasse.
- Oppgradering av VA-anlegg og etablering av reservekjelder.
- Dialog og samhandling med næringslivet for å sikre eksisterande arbeidsplassar og skape nye, mellom anna om korleis næringsfondet kan nyttast.
- Klima- og miljøarbeid som ein naturleg del av alt vi arbeidar med.
- I større grad søke ut prosjektmidlar knytta til demografi og klima og miljø.

## Kvalitetsdiskusjon

Skjåk kommune har gjennomgåande gode tekniske tenester. Forutsetninga må vera å ha eit verdibeharande vedlikehald. Dei siste åra har det vore betydeleg prisvekst innanfor teknisk sektor, budsjetta har ikkje vore auka tilsvarende og ein er no i den situasjonen at det er lite handlefriheit. Vedlikehaldsmidlane no er ikkje tilstrekkeleg for eit verdibeharande vedlikehald.

Eit spørsmål som no melder seg med meir jevne mellomrom enn før er kva vi skal drive med og kva vi skal slutte med. Utfordringar knytta til trongare budsjett gjer at dette er vurderingar ein må gjere oftare og oftare. Dette er og riktige spørsmål å stille slik at ein driv med økonomisk fornuft med fellesskapets midlar. Utfordringa er da at det er ikkje alt ein kan prioritere, kva skal ein da kutte i fyrst.

Å oppretthalde kvaliteten på så vel vassforsyning til innbyggjarane som kvaliteten på vegstandarden og øvrige tekniske tenester, vil vere avhengig av dedikerte ressursar til årleg vedlikehald og nødvendige nyinvesteringar.


Kvalitet på drikkevatnet er viktig, det same er leveringssikkerheit. Skjåk kommune har planlagt ei oppgradering av fleire kommunale vassverk, for å sikre vasskvaliteten og nok vatn. Vidare vil det bli utbetringer i leidningsnettet, også for å trygge kvaliteten på drikkevatnet. Den fyrste tida vil utfordringa vere størst på å klare å leve nok vatn. Over år ser vi at kapasiteten er for liten fleire plassar og restriksjonar har blitt vanleg.

Næringsutvikling er ein sentral faktor for å skape livskraft og stabilisere befolkningstala. Næringsfondet i Skjåk er kjent i kommunen.

Terskelen for å ta kontakt med næringsavdelinga for rådgjeving eller for å søkje støtte, har vore og skal vere låg. Landbrukskontoret i Lom og Skjåk, skal vere tilgjengeleg for alle i begge bygdene, og folk skal få hjelp til å utvikle ideane sine og til å etablere verksemder. Landbruket er ein berebjelke i Skjåk

## Tenesteområde Helse og omsorg

### Ansvarsområde 300



Skjåk kommune har svært gode helse- og omsorgstilbod, og tenestene som blir levert er av høg kvalitet. Vi ser at vi har hatt svært lett tilgjengelege tenester på alle nivå, og eit resultat har vore at det har blitt gjeve for høgt omsorgsnivå for tidleg. Det har vore ei betydeleg omstilling i tenestene for å møte dei utfordringane kommunen står overfor i åra framover. Nå må tenestene arbeide med det førebyggande perspektivet, korleis kan folkehelsa aukast i Skjåk kommune og kva skal kommunen bidra med?

Dette er spørsmål vi må stille oss i alle tenester og sektorar. Det førebyggande perspektivet vil gjeva kommunen eit større økonomisk handlingsrom ved at ressursar nyttast meir målretta, bidra til større grad av eigenmeistring og eit meir verdig liv for den einskilde innbyggjarar.

SSBs befolkningsprognose ventar ei endring i innbyggjartalet frå 2.151 innbyggjarar i 2022 til 1.746 innbyggjarar i 2040. Eit mål for evna til å finansiere auka etterspurnad etter kommunale tenester er å finne eit måltal for kor mange personar i yrkesaktiv alder ein vil ha i forhold til eldre over 80 år (mellanom 20 og 66 år). Dette gjev seg utslag allereie nå i forhold til at det er krevjande å rekruttere rett kompetanse til kommunen.

Brutto driftsutgifter til helse og omsorg (kroner pr. innbyggjarar):

Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	Innlandet fylke	KOSTRA-gruppe 5
46 819	47 583	53 776	44 002	53 410

Skjåk har eit høgt utgiftsnivå pr. innbyggjarar. Frå 2022 til 2023 er det ein auke i driftsutgiftene. I forhold til KOSTRA-gruppe 5 brukar Skjåk kommune litt over denne gruppa på helse og omsorg. Samanlikna med Innlandet fylke er det ein vesentleg høgare kostnad. Årsaka til dette er samansett. Det er mellom anna eit høgare objektivt utgiftsbehov for helse- og omsorgstenester enn landssnittet grunna alderssamansettinga i kommunen.

Netto driftsutgifter fordelt på omsorg- og helsetenester (i prosent):

	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	Innlandet fylke	KOSTRA 5
Andel omsorgstenester i % av netto driftsutgifter	38,8	41,9	40,2	40,1	40,5
Andel kommunehelsetenesta i % av netto driftsutgifter	10,1	7,8	7,8	6,5	7,6

Tabellen syner at omsorgstenester i % av netto driftsutgifter om lag likt som KOSTRA-gruppe 5 og Innlandet fylke. Kommunehelsetenesta vår er om lag likt som KOSTRA-gruppe 5 og høyare enn Innlandet fylke.

## Tenesteomtaler

### Ansvar 300 Lom og Skjåk tildelingskontor

Tildelingskontoret fattar vedtak om tenester ut frå gjeldande lovverk som gjeld helse og omsorgstenester, ledsagerbevis og parkeringsbevis/ handikapbevis ut i frå helse- og omsorgstenestelova og forskrift om vederlagsbereking. Saksbehandlarane arbeidar tverrfagleg med tenestene og innbyggjarane for å utforme målretta tenester rundt brukarane. Tildelingskontoret er koordinerande eining, og har ansvar for oppnemning av koordinatorar og opplæring i bruk av det digitale verktøyet *Samspill*. Det er fokus på å informasjon til dei tilsette og innbyggjarane, og digital informasjon vil vere ei satsing i 2025.

### Ansvar 300 Sysselsetting Lom og Skjåk

Lom og Skjåk har eit langvarig samarbeid om ei felles sysselsettingsgruppe, som i 2023 fekk ein ny profil med større fokus på å tilby støtte til personar som har utfordringar i utdanning og arbeidsliv. I dag blir det tilbydd tenester til personar som av ulike årsaker ikkje er i ordinært arbeidsliv, og målet er å gi dei ein meiningsfylt arbeidskvardag og eit fellesskap.

Tenesta legg til rette for sysselsetting og arbeidstrenings, med fokus på å etablere varige, tilrettelagte arbeidsplassar og aktivitetar for brukarane. Tenesta har hatt ein svært positiv utvikling i 2024, og det er venta at denne utviklinga vil fortsette i 2025. Det blir arbeidd med å finne meir eigna lokalar for å betre kunne møte behova til brukargruppene.

### Ansvar 300 Regionalt helsesamarbeid

Vertskommuneavtale om helsesamarbeid i Nord-Gudbrandsdal omfattar legevaktordning, legevaktvarsling, jordmorvaktordning, intermediære senger, 3 KAD-senger (Ø-hjelp) og kostnad for hjelpepersonell knytt til spesialisthelsetenesta ved NGLMS. Kommunane mottek statlege tilskot for å drifte KAD-senger, som blir overført Sel kommune som del av finansieringa. Det er venta at bruken av intermediære sengeplassar ikkje vil bli så høg som budsjettet frå Sel kommune, men budsjettet er lagt opp etter vertskommuneavtalen.

Skjåk	2021 (reknskap)	2022 (reknskap)	2023 (reknskap)	2024 (budsjett)	2025 (budsjett)	Endring frå 2023 i kroner	%-vis endring frå 2022 i kroner
Intermediær	627 265	1 271 600	567 843	626 000	1 317 000	749 157	43,11%
KAD	458 769	553 219	763 000	706 000	860 000	97 000	11,3%
Jordmorvakt	42 020	46 000	84 000	156 000	61 000	- 23 000	-37,7%
Støttepersonell	101 157	101 000	119 000	116 000	121 000	2 000	1,7%
Legevakt	949 799	1 066 000	1 363 000	1 538 000	1 428 000	65 000	4,5%
Legevaktvarsling	1 238 424	1 253 000	1 423 000	1 858 000	1 586 000	163 000	10,3%
<b>Sum</b>	<b>3 470 058</b>	<b>3 879 000</b>	<b>4 902 000</b>	<b>5 000 0000</b>	<b>5 373 000</b>	<b>1 053 157</b>	<b>8,8%</b>

### Ansvar 310 Institusjon og heimesjukepleie

Indikatorar institusjon:

	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	Innlandet	KOSTRA 5
Andel innbyggjarar 80+ med sjukeheimslass (%)	12,5	12,3	11,4	9,8	11,5
Utgifter pr. opphaldsdøgn institusjon (kr)	4 495	4 778	5 390	5 209	5 058
Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim	0,78	0,85	0,82	0,57	0,54

På Skjåkheimen er sjukeheimslassane og omsorgsbustadane med høgare omsorgsnivå lokalisert under same tak, noko som gir kommunen ein fleksibel organisering av tenestetilbodet. Over fleire år har det blitt tydeleg at omsorgsbustadane har redusert behovet for sjukeheimslassar, og denne organiseringa gjer at Skjåk kommune har eit ekstra verktøy i omsorgstrappa. Dette gjer det mogleg å dreie tenestetilbodet frå institusjonsbasert omsorg til meir heimebaserte tenester, noko som er ein strategisk fordel.

Omsorgsbustadane, som ligg under same tak som sjukeheimen, avlastar heimesjukepleia, spesielt når det gjeld transport og køyring, og gir meir fleksibilitet til tenesteytarane. Dei som bur i omsorgsbustadane har eit samansett behov for tenester, og mottar både heimesjukepleie og andre helse- og omsorgstenester. Denne organiseringa styrker den heilsakaplege tenesteytinga og bidreg til meir effektive og fleksible tenester for brukarane.

	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	Innlandet	KOSTRA 5
Andel innbyggjarar over 80 år som brukar heimetenester	33,6	35,7	36,0	28,7	31,2
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	43,9	41,1	37,7	48,5	45,8

Bruken av heimetenester blant innbyggjarar over 80 år i Skjåk kommune aukar, og denne gruppa ligg høgare enn både Innlandet og KOSTRA-gruppe 5. Samtidig er det ein reduksjon i tenesteomfanget for brukarar mellom 0 og 66 år, som har naturlege årsaker, og denne gruppa ligg lågare enn KOSTRA-gruppe 5

og Innlandet. Auken i heimebaserte tenester for dei over 80 år skuldast ein høg del av befolkninga i denne aldersgruppa.

For å møte dette aukande behovet gjennomfører Skjåk kommune ei grundig vurdering av kva oppgåver som skal utførast, kven som skal utføre dei, og kva førebyggande tiltak som bør prioriterast i tråd med *Strategi for helse og omsorg 2022–2030*. Heimesjukepleia deltek derfor i programmet *TØRN Rusta for framtida*, som gir innsikt i metodar og verktøy for å fordele arbeidsoppgåver på ein meir effektiv måte, med tett medarbeidarinvolvering. Programmet gir også rettleiing og støtte gjennom heile prosessen, og læringsnettverket legg til rette for erfaringsutveksling mellom deltakarane.

Skjåk kommune har høg prioritet på førebyggjande arbeid som hindrar eller forsinker utviklinga av helseplager, med mål om at innbyggjarane skal oppleve meistring i kvardagen og kunne bu heime så lenge som mogleg. Dette skjer i tråd med nasjonale føringer om å tilby gode heimetenester.

Velferdsteknologi/ meistringsteknologi spelar ein viktig rolle i å gjere tenestene meir smidige og auke sjølvstenda til tenestemottakarane. Eit døme på dette er bruken av GPS-teknologi, som gjer det mogleg for brukarar å ta turar ute i nærområdet på eigen hand, samtidig som personalet kan følgje med via ein app. Dette bidrar til tryggleik og fysisk aktivitet for brukaren. For å styrke dette arbeidet, er det eit behov for ei stilling som skal jobbe konkret med velferdsteknologi, meistringsteknologi og prosjektarbeid, og kommunen har som mål å finansiere denne stillinga.

Dagtilbodet for heimebuande med demens er vidareutvikla, og fleire personellressursar er flytta frå institusjon og heimesjukepleie til dagtilbodet, noko som styrkjer satsinga på demensomsorg.

### **Ansvar 320 Heimetenester for funksjonshemma**

Heimetenestene for funksjonshemma i Skjåk kommune omfattar ulike tenester som personleg assistanse, helsehjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), praktisk bistand, opplæring og trening i daglege aktivitetar, støttekontakt, omsorgsstønad, avlasting for pårørande, dagaktivitetar og tilrettelagt arbeid. Tenestene blir gitt både i avlastingsbustader, bemanna omsorgsbustader og i heimen til den funksjonshemma, basert på miljøterapeutiske prinsipp.

Det er forventa auka kostnader knytt til eit aukande behov for heildøgns tenester, som delvis blir finansiert av statlege refusjonar. Kommunen må utvikle tenestene gradvis i takt med dette behovet.

Dagaktivitetstilbodet har hatt ei positiv utvikling, som blant anna inkluderer drift av kantina på Skjåk barne- og ungdomsskule, og det er ønske om å utvide aktiviteten med fleire dagar. Det er fokus på å bruke meistringsteknologi for å støtte arbeidstakarane på kantina.

Ein utfordring i kommunen er rekruttering av personell til stillingar innan personleg assistentteneste. Det er vurdert at ressursane kunne vore brukt meir effektivt dersom tenestene for personar med omfattande

behov blei samlokalisert i Bismo, noko som ville gi eit større fagleg fellesskap. Skjåk kommune har behov for bygging av bemanna omsorgsbustader med heildøgns bemanning, og dette er teke med i investeringsbudsjettet. Dette vil gjere det mogleg for tilsette å arbeide meir målretta og i eit større fagleg miljø.

I dei kommande 5-10 åra vil kommunen få fleire yngre personar med behov for omfattande tenester og etter kvart heildøgns bemanning. Det er i dag familiar som mottek avlasting for barn og unge med funksjonshemmingar, og behovet for tenester vil gradvis auke. Det er viktig å styrke tenestene i barne- og ungdomsåra, og legge til rette for eigenmeistring for vaksne med behov for tilrettelagt arbeid og bustader. Eit viktig steg er å sjå tenestene i samanheng frå 0-18 år, med fokus på sambruk av personale og fagpersonell mellom barnehage, skule, avlasting og vidaregående opplæring, bustad og arbeid. Felles digitale plattformer og fagsystem for helse og oppvekst vil også bidra til å gjere tenestene mindre sårbare i framtida.

### **Ansvar 330 Teneste Lom og Skjåk Helsestasjon og jordmor**

Skjåk kommune jobbar målretta med førebygging av psykiske og fysiske lidingar blant barn og unge, og har ei målsetting om at helse- og velferdstenester retta mot barn og unge skal bli betre koordinerte og av betre kvalitet. I dette ligg ein ambisjon om å fange opp problem, gjera god kartlegging og vurdering, samt setja inn hjelpetiltak så snart som råd – tidleg innsats. Det er viktig at helsestasjonen opprettheld si kompetanse for å arbeide førebyggande og den viktigaste arenaen for det arbeidet er i svangerskapsomsorga og barnehagen/ småbarnskontroll. Helsestasjonen har ei målsetting om at det skal vere mindre behov for deira tenester i dei øvre aldersgruppene.

	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	Innlandet	KOSTRA 5
Andel nyfødde med heimebesøk av helsesjukepleiar (prosent)	70,1	100,0	86,7*	93,0	95,5
Heimebesøk av jordmor innan tre døgn etter heimkomst (prosent)	25,0	60,0	95,0	-	-
Undersøkt 8.leveuke	70,0	113,3	100,0	-	-
Undersøkt grunnskole 1.trinn	113,5	112,8	100,0	-	-
Årsverk helsestasjon pr. 10 000 0-66 år	85,7	76,4	159,6**	58,3	61,1

\* Årsaka til at denne andelen ikkje er høgare er at nokre mødre vel å koma til helsestasjonen i staden for å få heimebesøk. Det gjeld særleg i dei tilfella at jordmor har vore der tidlegare. \*\* Dette talet er kunstig høgt grunna at felles helsestasjon vart etablert dette året, og rapporteringa difor syner bemanninga for både kommunar. – Tal ikkje tilgjengeleg.

Helsestasjonen har fleire prosjekt, og dei har alle som mål å skapa ei heilskapleg teneste retta mot barn, unge og deira føresette.

- **Prosjekt styrking av helsestasjon:** Midlar frå helsedirektoratet kvart år sidan 2018.
- **Folkehelseprosjekt, saman mot suksess:** Midlar frå Innlandet fylkeskommune som går over 3 år.
- **Tiltaksgruppe:** Midlar frå SFIN, saman med barneverntenesta i Sel, Vågå, Lom og Skjåk samt helsestasjonane i Sel, Vågå, Lom og Skjåk. Mål for prosjektet er å kartlegge, nytte og styrke kompetansen i barnevern- og helsestasjonstenesta i Ottadalen og på den måten kunne yte betre tenester til barn og deira familiar.
- **Betre tverrfagleg Innsats (BTI):** systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn på vegne av Lom og Skjåk kommunar. Med bakgrunn i eit stort omfang av fellestjenester mellom Lom og Skjåk kommunar knytt til målgruppa barn og unge, ynskjer Lom og Skjåk å söke om felles midlar til dette utviklingsarbeidet. Lom og Skjåk kommunar inngår samstundes i eit regionalt samarbeid om oppvekstreforma som er i ferd med å vedta ein felles regional strategiplan for oppvekstreforma.

### **Ansvaret 332 Barnevernstenesta i Skjåk, Lom, Vågå og Sel**

Oppvekstreforma skal endre den kommunale barneverntenesta ved at dei skal ha langt mindre saksbehandling, og at sakene dei skal handtere skal vere dei mest alvorlege og krevjande sakene.

For å møte dei nye krava i barnevernsreforma, vart barneverntenestene i Sel, Vågå, Lom og Skjåk slått saman til ei interkommunal teneste med Sel kommune som vertskommune i 2019. Tenesta har totalt 14,15 årsverk, 2,4 av desse "høyrer til" Skjåk. To av dei tilsette er familieterapeutar som arbeider i familiane i de 4 kommunane.

Oppvekst- og barnevernreforma gjev den kommunale barneverntenesta andre oppgåver og større ansvar. Barneverntenesta har blant anna fått overført ansvaret for oppfølging og rettleiing av fosterheimar frå BUFEtat. Det er sterkt fokus i regionen på å arbeide med samhandling mellom tenestene for å skape "laget rundt barnet". Det er gjennomgåande at dei sakene barnevernet arbeider med er alvorlegare og meir komplekse, dette krev særleg kompetente tilsette. Tenesta har ein plan på kompetansebygging for å innfri kravet om masterutdanning eller tilsvarande, som kjem i 2031. I tillegg til at tilsette gjennomfører BUFDirs anbefalte vidareutdanninger på VID vitskapleg høgskole, har ein som eit ledd av å innfri dei forsterka krava om å betre sikre barnets medverknad, kursa dei tilsette i DCM Barnesamtalen.

### **Ansvaret 331 Nav Lom og Skjåk**

Det blir jobba målretta med ulike tiltak for oppfølging av ungdom og flyktningar hos Nav Lom og Skjåk, slik at dei kjem ut i arbeid. Anna arbeidsretta oppfølging er høgt prioritert. Nav Lom og Skjåk er heldige som har eit næringsliv som deltek aktivt i dette arbeidet.

I dei seinare åra har det vore ei relativ låg totalutbetaling av økonomisk sosialhjelp på årsbasis. Endringane i samfunnet speglast av det auka behovet for dei kommunale tenestene frå Nav.

Det siste året (2024) har synt ei stor auke i behova for å hjelpe innbyggjarane med til dømes økonomisk rettleiing, frivillig forvalting og saksbehandling av søknad om økonomisk sosialhjelp. Dette er mellom anna på grunn av at det kjem flyktningar, renta og at prisar på t.d. matvarer aukar stadig og det er ei forventning om at behovet vil auke. Nav ser at det er meir komplekse saker nå enn tidlegare, og det er oftare i kombinasjon med økonomi og gjeld. Det er eit aukande behov for tenesta opplysning, råd og rettleiing etter § 17 i lov om sosiale tenester i Nav, samt ordninga friviljug forvaltning.

Nav blir stadig meir digitalisert, men det blir lagt vekt på at den oppsøkjande verksemda ut mot bedrifter og brukarar skal oppretthaldast og aukast i åra framover.

#### Indikatorar sosialtenester:

	Skjåk 2018	Skjåk 2019	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	Skjåk 2024*
Sosialhjelpsmottakarar (tal)	35	30	23	25	29	43	56
Sosialhjelpsmottakarar 18-24 år (tal)	7	3	4	-	-	4	1**
Sosialhjelpsmottakar med sosial hjelp som viktigaste kilde til livsopphold	9	14	8	7	-	10	7
Antal barn (u/18) i familiar som mottek sosialhjelp (antal)	28	16	21	24	20	27	13

\* Skjåk 2024 er pr. 1. november 2024. Alle tal 2024 er inkludert flyktningar. \*\* Nav har definert ny gruppe fra 18-30 år.

Talet på sosialhjelpsmottakarar har auka både generelt og i segmentet med sosialhjelp som kjelde til livsopphold. Gjennomsnitt beløp er kr.24.627,- for Skjåk-innbyggjarar, mens for flyktningar er beløpet kr. 32.618,-. Sosialhjelpsmottakarar mellom 18-30 år er lågt og stabilt.

NAV Lom og Skjåk har jobbspesialist som arbeidar målretta med arbeidsledige innbyggjarar som er registrert i Nav. Jobbspesialisten har gjeve god effekt og godt resultat, noko som synleggjer kor viktig det er å ha moglegheita til å jobbe tett og metodisk i arbeidsrettinga for innbyggjarane våre.

## Ansvaret 350 Helsetenester

### Legetenester

Skjåk har høgare dekning på legetenester enn Innlandet og Kostragruppe 5. Skjåk ligg så vidt høgare enn Innlandet i fysioterapiressursar, og noko under KOSTRA-gruppe 5.

Indikatorar helsetenester:

	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	Innlandet	KOSTRA 5
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar	18,6	19,6	17,7	13,7	16,2
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar	11,6	11,6	11,7	11,3	12,0

Skjåk er ei av få kommunar som nyt godt av å ha eit vitalt og framoverlent legekontor. Det har vore turnuskandidatar og praksisstudentar knytt til tenesta. Skjåk kommune er kobla på ALIS-utdanninga, og to legar er nå spesialistar i allmennmedisin, mens to andre er i ferd med å gjennomføre si spesialisering. Det er ei styrke og tryggleik for Skjåk kommune sine innbyggjarar.

### Fysioterapi og ergoterapi

Skjåk kommune har vertskommunesamarbeid med Lom. Det er 2,5 kommunale fysioterapi stillingar og ei full ergoterapi stilling lokalisert i Skjåk. Tenesta består av helsefremjande og førebyggande arbeid, habilitering og rehabilitering. Målet er å oppnå best mogleg funksjon i samband med skade eller funksjonssvikt gjennom kartlegging, trening, behandling og vurdering av kompenserande tiltak med tekniske hjelpemiddel. Det er ei forventning om at ergoterapeut-tenesta skal ta eit ansvar for, og vere ein særleg drivkraft i, arbeidet med velferdsteknologi/ meistringsteknologi.

I Skjåk kommune si vedtekne strategi for helse- og omsorg er det satsa særleg på førebyggande tiltak. For å styrke førebyggande tiltak har tenesta fått prosjektmidlar til etablering av frisklivssentral lokalisert i Skjåk i 2025. Prosjektet er eit tilbod til innbyggjarane i Lom kommune og Skjåk kommune. Frisklivssentralen blir lokalisert i Skjåk for innbyggjarane i både kommunar.

### Psykisk helseteneste Lom og Skjåk

Tidlegare var psykisk helse og rusomsorg i Skjåk kommune organisert under heimebaserte tenester, men med samhandlingsreforma for rus og psykiatri har ansvaret for behandling endra seg.

Kommunehelsetenestene har fått eit større ansvar for å tilby hjelp og behandling til personar med milde og moderate psykiske helseutfordringar, noko som stiller nye krav til kommunen. Samtidig er det eit press på ressursane når døgninstitusjonar blir lagt ned, og kommunen må ta på seg fleire oppgåver innan psykisk helse og rusbehandling.

Skjåk kommune har høge kostnader knytte til kjøp av private tenester innan psykisk helse, og det er eit høgare innslagspunkt for å få dekka kostnadene ved ressurskrevjande brukarar. Kommunen har ikkje

kompetansen eller kapasiteten til å organisere psykisk helseteneste på eige hand, og må derfor kjøpe tenestene frå private aktørar.

Det er eit behov for å etablere psykiatribustadar, og kommunen ser på moglegheita for å etablere slike i samarbeid med andre kommunar for å sikre nødvendig kompetanse og kvalitet. Dette vil krevje eit interkommunalt samarbeid, og vil vere ein lang prosess.

Ein viktig del av tenestene er FACT (*Flexible Assertive Community Treatment*), eit aktivt oppsøkjande team som gir kunnskapsbasert behandling og oppfølging til personar med alvorleg psykisk helse og/eller rusliding. Teamet opererer hovudsakleg i pasientens heim og nærmiljø og gir samanhengande og heilskaplege tenester. Skjåk kommune bidreg med 20% stillingsressurs til FACT-prosjektet, som er eit samhandlingsprosjekt mellom kommunane Lom, Skjåk, Sel, Vågå, Dovre, Lesja, NAV og Sjukehuset Innlandet/DPS Lillehammer. Prosjektet er inne i sitt 4. år, og har fått forlenging fram til juni 2025, med ei evaluering som blir gjennomført av NKROP og Høgskolen i Innlandet. I siste del av prosjektet vil kommunen delta i ein modell der dei ikkje direkte deltek i pasientoppfølging, men fungerer som kontaktpunkt og nettverk for FACT-teamet i Nord-Gudbrandsdal.

### **Utfordringar i planperioden**

Det blir stadig fleire eldre med behov for helse- og omsorgstenester. Kommunen må difor arbeide meir aktivt med å førebygge funksjonsfall og framtidig sjukdom, og sikre forsvarlege tenester i framtida. Arbeidet med demensomsorga, og eit godt butilbod for denne brukargruppa, er avgjerande for å møte utfordringane framover.

Bruk av velferdsteknologiske hjelpemiddel/ meistringsteknologi, i tillegg til ei heimeteneste av høg kvalitet, skal bidra til at brukarane får gode og trygge tenester i heimen så lenge som råd. Tenestene må tenke nytt om korleis tenesteyting skal skje framover, og kven som skal utføre dei ulike oppgåvane.

Ressurskrevjande tenester vil auke i åra framover med relativt mange barn og unge som har stort omsorgs- og hjelpebehov. Tenestene må innrettast slik at dei vil vere berekraftige og kan utvikle seg i tråd med behovet for dei neste 20 åra.

Det er krevjande for ein liten kommune å finansiere dei nye oppgåvane innanfor dei tildelte rammene i tillegg til at det kan bli krevjande å få rekruttert medarbeidarar med rett spisskompetanse. Ytterlegare samarbeid innan helse- og omsorgstenester med nabokommunar og andre kommunar i regionen vil bidra til ein auke i kvalitet og ein meir effektiv teneste som er mindre sårbar.

### **Prioriterte satsingar i planperioden**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding 15 "Leve hele livet" og den varsla reforma "Bu trygt heime" skal kommunen legge enda meir til rette for heimebaserte tenester, slik at folk klarar seg så lenge som råd i

eigen heim eller omsorgsbustad. Skjåk kommune skal vidareutvikle arbeidet med tenester som har fokus på eiga meistring, sjølvstende og bruk av rett kompetanse. TØRN Rusta for framtida og arbeidet med velferdsteknologi/ meistringsteknologi er viktig for dette arbeidet.

Strategi for helse- og omsorg er eit viktig styringsverktøy for Skjåk kommune i perioden. Den gjev viktige signal til innbyggjarane våre om korleis prioriteringar må gjerast for å sikre at dei som må ha hjelp får det.

### **Kvalitetsdiskusjon**

Den demografiske utviklinga og auka krav til rekruttering stiller nye krav til helse- og omsorgstenestene i Skjåk kommune. Dette fører til at kommunen får avgrensa kapasitet til å utføre oppgåver, og det legg større ansvar på innbyggjarane sjølve for å tilretteleggje for sin eigen helse og eldreomsorg. Kommunen må informere befolkninga om at tenestene ikkje vil kunne yta i same omfang i framtida, og at det vil stillast større krav til individet for å sikre eigen alderdom.

Auka kompleksitet i arbeidsoppgåvene krev at kommunen satsar på kompetanseheving på fleire område, spesielt innan psykisk helse, demensomsorg, folkehelse og opplæring av tilsette. Det er eit behov for å vidareutvikle bruken av digital teknologi og velferdsteknologiske hjelpemiddel for å optimalisere ressursbruken. Skjåk kommune har alt teke i bruk mykje velferdsteknologi, og organisasjonen er klar for å utvikle og integrere dette ytterlegare i tenestetilbodet.